

Fjaler kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 30.10.2015
Møtestad: Fjaler kommunehus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 034/15, revisor i sak 033/15.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, tlf: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
031/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
032/15	Skriv og meldingar 30.10.2015
033/15	Opplæring av nytt kontrollutval
034/15	Rådmannen informerer om korleis Fjaler kommune føl opp - Eigarpolitikk som eigar i selskap
035/15	Oppfølgingsliste 5-2015
036/15	Eventuelt

Med helsing

Magne Norddal
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 031/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/456
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 032/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/458
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 30.10.2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	20.10.2015	Fylkesmannen sitt brev til HAFS-kommunane datert 16.10.2015: Avslutning av oppfølging etter eigenvurderinga av barneverntenesta	15/1629
2	21.10.2015	Tertialrapport 2015	15/1630

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Randi Bjørnevoll
Telefon: 57643183
E-post: fmsfgrb@fylkesmannen.no

Vår dato
16.10.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/997 - 621
Dykkar referanse

Postboks 54
6961 Dale i Sunnfjord

Avslutning av oppfølging etter eigenvurdering av barnevernstenesta

Tema: «Kommunens arbeid med meldingar og tilbakemelding til melder»

Fylkesmannen viser til tidlegare kommunikasjon i saka, sist til oppsummeringsmøte for eigenvurdering av barnevernstenesta den 22.09.2015.

De har sendt oss skjema for oppsummering av saksgangen og plan for å rette lovbrøt, motteke her 07.09.2015. Til saman har de gjennomgått 20 saker. Kommunen har kome til lovbrøt når det gjeld manglande dokumentasjon av dei barnevernsfaglege vurderingane i barnets mappe.

I planen for retting av lovbrøt går det fram at de har utarbeidd ny mal for gjennomgang av melding, med spørsmål som skal sikre at alle barnevernsfaglege vurderingar blir dokumentert i barnets mappe. Malen skal gjennomgåast og fyllast ut i saksmøte, slik at leiinga kan følgje med på at gjennomgangen blir gjort etter den nye malen. Det har allereie teke i bruk malen.

Planen seier vidare at de i saksmøte 05.01.2016 skal evaluere bruken av malen og gjennomgå mottekne meldingar i tida 08.09.2015 – 31.12.2015, for å sjå at lovkrava er oppfylte ved bruk av malen. Ved behov vil de revidere malen og setje opp nytt evalueringstidspunkt.

På bakgrunn av informasjonen i planen for retting av lovbrøt, vurderer vi at det ikkje er grunn til vidare oppfølging frå vår side. Tilsynet er med dette avslutta. Vi vil likevel be om ei tilbakemelding om status etter evalueringa 05.01.2016.

Fylkesmannen takkar for godt samarbeid i samband med eigenvurderinga, og ønskjer lukke til med det vidare kvalitetsarbeidet.

Med helsing

Hanne Sæbø
seksjonsleiar

Gunn Randi Bjørnevoll
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til

Fjaler kommune v/ rådmannen

Askvoll kommune v/ rådmannen

Hyllestad kommune v/ rådmannen

Solund kommune v/ rådmannen



Tertialrapport 2015

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 26.10.2015	Saksnr 096/15	Saksansvarleg AMY
Arkivsaknr 15/438	Sakshandsamar Annikken Myklebust	Arkiv K1-210	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret tek 2. tertialrapport til vitande.

Einingane vert bedne om å iverksetje tiltak med mål om budsjettbalanse ved årsslutt.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
53	X	18.10.2015	Rådmannskontoret - Ola Hovland	Status Prosjekt og planarbeid - 2015
52	X	18.10.2015	Rådmannskontoret - Annikken Myklebust	Vedlegg statistikk 2. tertial
51	X	18.10.2015		Finansrapport 2. tertial
39	X	18.10.2015		2. tertialrapport 2015

SAKSUTGREIING:

I følge Fjaler kommune sitt økonomireglement skal det etter kvar tertial leggst fram ein samla kontrollrapport til politisk handsaming. Kvar enkelt tenesteleiar skal utarbeide ein rapport for sitt ansvarsområde. Desse er redigert og innarbeidd i eit dokument jamf. vedlagt samledokument.

Ytre rårer:

Då kommuneproposisjonen vart lagt fram i mai nedjusterte dei skatteinntektene for 2015 med 1,6 mrd på landsbasis samanlikna med anslag i saldert budsjett. Nedjusteringa skuldast i hovudsak lågare lønsvest i norsk økonomi enn kva ein la til grunn når budsjettet vart vedteke i tillegg til endra verknad av ny uføretrygd.

Etter ei samla vurdering av kommuneøkonomien for 2015 føreslo regjeringa å styrke rammeoverføringane til kommunesektoren i 2015 med kr 1,1 mrd. i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett. Av dette er kr 400 mill ein kompensasjon for lågare skatteinntekter frå uførereforma enn tidlegare anslått. Regjeringa meiner at denne auken i rådeoverføringa vil bidra til å oppnå regjeringa si målsetjing i statsbudsjettet om ei vidareutvikling av velferdstilbodet til innbyggjarane.

I RNB 2015 fekk Fjaler kr 0,5 mill i generell auke i ramma. Skatteanslaget vart justert ned frå kr 56,4 til kr 55,1 mill. Det vil sei at vi ikkje fekk fullt ut kompensert for svikten i skatteinntektene.

Frå 1. mai 2015 vart det innført eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagane. Det vil sei at foreldrebetalinga for første barn ikkje skal utgjere meir enn 6% av hushaldninga sine samla skattepliktige kapital-og personinntekter, med makspris som øvre grense. Innføringa av denne ordninga fører til auka administrative utgifter i ein overgangsfase, sidan kommunane må tilpasse seg ei ny ordning midt i eit barnehageår. Det blei tilført midlar til dette føremålet.

I tillegg vart det frå 1. august innført gratis kjernetid i barnehagen for alle 4- og 5 åringar i familiar med inntekt under ei grense fastsett av stortinget.

Samla sett fekk Fjaler kommune i RNB tildelt kr 50 000 i auka inntekter til desse føremåla.

Status Fjaler kommune 2. tertial:

Pr.2 tertial skal normalforbruket til einingane liggje på 66% av totalbudsjettet, lønsbudsjettet skal vise eit forbruk på 63,12%

Med tanke på at løn og sosiale utgifter utgjer ca 70% av dei totale utgiftene (ekskl. finans) vil lønsutgiftene gje oss ein god peikepinn på korleis vi ligg an.

Pr. 2 tertial ligg vi 0,3% over budsjett om ein tek omsyn til sjukepengerefusjonar, det ser ut til at lønsutgiftene vil balansere på årsbasis.

Det største usikkermomentet er pensjon. Det er i 2015 brukt premiefond til å dekke premie til KLP. Dette vil føre til at einingane vil få eit betre resultat ved årsslutt med tilhøyrande auke på ansvar 100, dette har ikkje noko å sei for totalen. Bruk av premiefond fører til reduserte pensjonskostnader i kommunen dei neste 7 åra mtp. redusert amortisering av premieavvik.

Tabell under syner Budsjetteiningane sine prognosar for resultat ved årsslutt.
Viser elles til vedlegg 2.tertialrapport 2015 for kommentarar frå dei enkelte tenesteeiningane.

Drift	Budsjett 2015	J Budsjett 15	Prognose	Avvik
100 Rådmannen	31 561	28 321	28 431	200
210 Dingemoen skule	13 498	14 457	14 597	140
211 Flekke skule og barnehage	6 490	6 688	6 688	0
212 Guddal skule og barnehage	3 993	4 094	4 094	0
214 Våge skule	7 140	7 301	7 301	0
215 Fjaler ungdomsskule	7 949	8 132	8 132	0
260 PPT	915	1002	1 002	0
270 Yksnebjør barnehage	8 603	8 871	8 957	86
272 Hellevik barnehage	2 093	2 162	2 162	0
300 BIO	65 012	66 900	69 078	2 178
312 Helsesyster	1 457	1 485	1 485	0
313 Fysioterapi	2 140	2 205	2 105	-100
320 Legetenesta	5 477	5 535	5 646	111
355 NAV	3 101	3 196	2 996	-200
360 HAFS barnevern	3 624	3 771	3 636	-135
500 Kulturtenesta	3 748	3 725	3 725	0
600 Teknisk	6 966	7 424	7 724	300
650 Landbruk	997	997	1 397	400
Sum fordelt til driftsråmer	174 764	176 266	179 156	2 980
900 - Finansielle føremål	-174 764	-176 176	-174486	1 690
Sum				4 670

VURDERING:

Samla syner 2. tertial eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 4,6 mill. Det vert ikkje føreslege bruk av fond for å saldere budsjettet no. Einingane som melder om avvik skal setje i verk tiltak med mål om budsjettbalanse ved årsslutt.

For å nå budsjettmåla for 2015 er følgjande tiltak allereie iverksett:

- Innkjøpstopp
- Reduksjon/ stopp i vikarbruk
- Iverksetjing av innsparing som gjeld vintervedlikehald på private vegar.

Det blir no jobba med å sjå på strukturen innan oppvekstsektoren.

På lengre sikt er det planlagt å gjennomføre eit strategiarbeid for heile helseområdet der vi må sjå på korleis ein skal organisere seg i framtida mtp. korleis vi skal få ei meir kostnadseffektiv drift samstundes som vi innfrir nye krav som kjem innanfor denne sektoren.

Vi ser at det ikkje er lite eller ingenting å hente innanfor dagens organisering.

Sjukefråvær 2.kvartal 2015

Arbeidsstad	Sjukefråvær	Eigenmeldt	Legemeldt 0-16 dagar	Legemeldt over 16 dagar
Administrasjon: Ansvar 100, kultur, LAF	1,6 %	0,5 %	0,0 %	1,1 %
Barnehage	7,7 %	0,8 %	0,9 %	6,0 %
Helse: BIO, helsestasjonen, fysio og lege	8,6 %	0,9 %	1,2 %	6,4 %
Reinhald	11,0 %	0,0 %	3,2 %	7,7 %
Skule (inkl PPT)	3,1 %	0,5 %	0,5 %	2,1 %
Sosial: Barnevern og NAV	5,8 %	0,2 %	0,8 %	4,8 %
Teknisk kontor og driftssentral	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %
Fjaler kommune	6,1 %	0,7 %	0,9 %	4,5 %

	År	Sjukefråvær
Fjaler kommune	2015	6,4 %
Fjaler kommune	2014	6,8 %
Fjaler kommune	2013	5,8 %
Fjaler kommune	2012	5,5 %
Fjaler kommune	2011	6,2 %

Aldersgruppe	Sjukefråvær
16-30	5,9 %
30-39	4,9 %
40-49	6,7 %
50-59	6,8 %
Over 60	5,5 %
Totalsum	6,1 %

TEKNISK

PLAN OG UTBYGGING

Saksmengde

Ferdigbehandla saker	2013	2014	1. tertial -15	2.tertial-15
Byggesaker	118	125	40	35
Oppmålingssaker	19	28	5	6
Delingssaker	19	21	4	2
Reguleringsplanar	2	0	0	0
Utbyggingsavtalar	0	0	0	0
Mindre reguleringsendringar	0	1	0	1
Situasjonskart (grlag for byggesøknader)	40	50	15	12
Megleropplysningar ved eigedomsomsetn.	15	16	5	6

Boligbygging

Nybygg og ferdigstilling av bustader	2013	2014	1. tertial -15	2.tertial-15
Tal igangsatt i perioden	2	8	0	0
Tal tatt i bruk i perioden	7	5	1	1

Handsamingstid, ulike byggesaker

Fristar/handsamingstid i Fjaler	2013	2014	1. tertial -15	2.tertial-15
Enkle tiltak	21	21	21	21
Større byggesaker	30	30	30	30
Meldingssaker	21	21	21	21
Rammetillatelse	21	21	21	21

Tal m2 bygningsmasse

	2013	2014	1. tertial -15	2.tertial-15
Totalt areal eigd av Fjaler kommune	27160	26878	26843	26843
Kommunale bygg (skule/barnehage/inst..)	21837	21889	22150	22150
Bustader - areal	4963	5041	4693	4693
Leigd areal	35	35	35	35
Utleigd areal	4714	4554	4554	4554

BISTAND OG OMSORG

Tal brukarar av heimesjukepleie, personleg og praktisk bistand.

	Heimesjukepleie, personleg og praktisk bistand.			Kun heimesjukepleie og personleg bistand.			Kun praktisk bistand.		
	2014	1. tertial -15	2. tertial -15	2014	1. tertial -15	2. tertial -15	2014	1. tertial -15	2. tertial -15
Alder									
0-17									
18-49									
50-66									
67-74									
75-79									
80-84									
85-89									
90 år +									
I alt			138			98			22

INSTITUSJON DØGN PÅ TENESTA

DEKNINGSGRAD

ÅR

TOTAL

TYPE TENESTE
langtid korttid avlastning

2.T 2015

4361 517 321 5199 103,20 %

Dette er dekningsgrad for alle plasser, inkl. rehabiliteringshyblar. Dekningsgrad for kun sjukeheims plassar er 108,3%

Tiltak og tenestar for funksjonshemma

Tal registretre brukarar, alder	Psykisk utviklingshemmede			
	2013	2014	1. tertial -15	2. tertial -15
0-17 år				1
18- 66 år				32
67+				2
Totalt				35

Tiltak og tenestar	Tal brukarar			
	2013	2014	1. tertial -15	2. tertial -15
Brakarstyrt personleg assistanse				4
Omsorgsløn				2
Støttekontakt				12
Avlastning born				2
Vevang Dagsenter				15

pluss 2 (4) på vaksenopplæring

Psykiatritenesta				
	2013	2014	1. tertial -15	2. tertial -15
Tal brukarar				24

BARNEHAGE

Status 2. tertial 2015

Barnehagedekning

	Over 3 år	Under 3 år	Totalt
Barn som ynskjer plass	0	0	0
Barn med plass	88	28	116
Dekningsprosent	100	100	100

Private barnehagar: 45 10 55

Nettoventeliste

	Ynskjer plass	Krets	Ynskjer plass
Barn født 15	0	Guddal	0
Barn født 14	0	Våge	0
Barn født 13/12/11	0	Flekke	0
		Dale	0

Barn med nedsatt funksjonsevne

Tal barn som får spesialpedagogisk hjelp etter oppl.oven § 5-7 4 barn

Tal barn som får tildelt ekstraressursar på grunn av barn
med ekstrabehov 1 barnehage

KULTURSEKSJON

BIBLIOTEK		Dale	Guddal	Straumsnes	Ebok
2. tertial 2015	Utlån	3095			60
	Besøk	2667			
	Referansespørsmål	23			



Dok. ref.
15/438-51/ //AMY
15/8260

Arkiv:
K1-210

Dato:
18.10.2015

Finansrapport 2. tertial

Tabellen nedanfor syner hovudtala for kommunen si låneportefølje ved utgangen av august.

Instrument	Volum	Renteregulering	Forfall	Renter	Margin
Kommunalbanken flytande	13 174 950	17.09.2014	20.09.2017	1,80 %	0,40 %
Danske bank obligasjon fast rente	63 815 000	19.06.2018	19.06.2018	2,87 %	0,00 %
DNB sertifikat	67 859 028	18.03.2016	18.03.2016	1,28 %	0,00 %
Kommunalbanken fly. Fast margin	45 247 940	17.09.2014	17.09.2014	1,82 %	0,00 %
Husbanken 1	454 528	01.05.2015	01.06.2025	1,99 %	0,00 %
Husbanken 2	646 000	01.05.2015	01.11.2029	0,99 %	0,00 %
Husbanken 3	866 044	01.05.2015	01.07.2022	1,99 %	0,00 %
Husbanken 4	1 204 531	01.05.2015		1,99 %	0,00 %
Husbanken 5	1 454 528	01.05.2015		1,99 %	0,00 %
Husbanken 6	2 629 777	01.05.2015	17.04.2032	1,99 %	0,00 %
Husbanken 7	2 000 000	01.05.2015	30.04.2035	1,99 %	0,00 %
Renteswap DnBNOR IMM	44 621 400	21.12.2016	21.12.2016	5,64 %	0,00 %
	-44 621 400	20.06.2012	21.12.2016	2,32 %	0,00 %
Renteswap Nordea	40 000 000	24.06.2019	24.06.2019	3,02 %	0,00 %
	-40 000 000	22.09.2014	24.06.2019	1,82 %	0,00 %
Sum Låneportefølje	199 352 326			3,13 %	-0,02 %

I mars 2015 tok Fjaler kommune opp eit nytt 12 mnd sertifikatlån med DNB som motpart pålydande NOK 67 859 028. Dette lånet består delvis av refinansiering på eit sertifikat mot Danske Bank pålydande NOK 50 800 000 som hadde forfall 19.02.2015, og delvis nytt låneopptak for 2015 på NOK 17 059 028. Det nye sertifikatet har forfall 18.03.2016

Gjennomsnittrenta i porteføljen ligg ved utgangen av august på 3,31%. Referanserenta ligg på 1,29% medan 3 mnd. Nibor er 1,13%

Driftslikviditet

	2. tertial
Innskot	
Innskot i hovudbank	50 209
Innskot i andre bankar	1 168
Sum innskot	51 377
Pengemarknadsfond	
KLP pengemarknad	0
DNB Likviditet	0
PLUSS Pengemarked	
Sum fond	
Sum likviditet	51 377

Grunna dårleg likviditet på slutten av 2014 selde vi alle fond og fekk innvilga kassakreditt på kr 15 mill, denne står i dag unytta.

Som tiltak for å betre likviditeten selde vi alle fond på slutten av 2014. I tillegg har vi gjennom heile 2015 nytta premiefond til dekking av pensjonsutgiftene.

Dette har hatt effekt og vi ser no at likviditeten har forbetra seg, også når vi tek omsyn til at vi ved inngangen til 2015 hadde kr 20,4 mill i ubrukte lånemidlar.

Med bakgrunn i den situasjonen som oppstod i 2014 er i dag all driftslikviditet plassert i bank. Slik eg ser det vil det heller ikkje i 2015 vere aktuelt med alternativ plassering av ledig likviditet.

Opptente renter på bankplassering er pr 2. tertial er kr 210 000

Annikken Myklebust
rådgjevar økonomi

Direkte tlf: 57738053

TERTIALRAPPORT

FJALER KOMMUNE



INNHALD

	Saksframlegg
	Evaluering av mål og tiltak 2. tertial 2015
Ansv. 100	Rådmannen
	Sørviskontoret
Ansvar 210	Dingemoen skule
Ansvar 211	Flekk skule og barnehage
Ansvar 212	Guddal skule og barnehage
Ansvar 214	Våge skule
Ansvar 215	Fjaler Ungdomsskule
Ansvar 270	Yksnebjør barnehage
Ansvar 272	Hellevik barnehage
Ansvar 300-306	Bistand og omsorg (BIO)
Ansvar 312	Helsesyster
Ansvar 313	Fysioterapitenesta
Ansvar 320	Lækjarkontoret
Ansvar 355	NAV
Ansvar 360	HAFS interkommunale barnevern
Ansvar 500	Kultur
	Kulturskule (eigen rapport frå Hyllestad – etter statistikktala)
Ansvar 600	Teknisk kontor
Ansvar 650	LAF
Ansvar 900	Finansielle føremål
Vedlegg	Finansrapportering (iht finansreglementet 6.9.10)
	Statistikk 2. tertial
	Barnehage, Kulturskule, Bibliotek, Bistand og omsorg, plan og utbygging, skule, Personal – sjukefråvær, Status investeringsprosjekt og planarbeid.

1. FJALER KOMMUNE SITT FORBETRINGSARBEID

- EVALUERING AV MÅL OG TILTAK PR 2. TERTIAL

Samla konklusjon

Utfordringane for 2015 er som vi viste ved vedtak av budsjettet og etter 1. tertial er svært store.

Pr. 2. tertial har vi følgjande status for 2015:

- Forventa resultat for 2015 (prognoseresultat) er eit underskot på kr. 4,67 mill
- Det har vore ei positiv endring frå 1. tertial på om lag kr 0,5 mill dersom vi ser på rapportert prognoseresultat; 5,1 mill – 4,67 mill.
- Korrigert for tap av refusjon som var bokført i rekneskap i 2014 på kr 2,25 mill og bruk av disposisjonsfond på 1,4 mill etter 1. tertial har drifta endra seg positivt med 1,28 mill; 5,1 mill + bortfall refusjon 2,2 mill = 7,35 mill – bruk av fond 1,4 mill – innsparing 2. tertial 1,28 mill = prognose for 2. tertial 4,67 mill.
- Utover ekstraordinære hendingar (landbrukssamarbeid og BIO) viser einingane viser at ein samla kan nå budsjettmåla for 2015.
- Årsaka til at vi ikkje når budsjettmåla er svikt i skatteinntekter på 1,15 mill, utbytte Sunnfjord Energi på kr 0,45 mill, tap refusjonsinntekter 2,25 mill, samarbeid innan landbruk som ikkje blir realisert kr 0,4 mill.
- Vi er inne i 2. året der vi driv med innkjøpsstopp, vakansar og redusert vikarbruk. Dette gir driftsutfordringar både ift auka press på tilsette men og mangel på hjelpemiddel og støttetiltak for å gjennomføre ei god drift.
- Størst utfordringar i år er BIO med nye ressurskrevjande tiltak (høg nettokostnad) som vil gi store utslag i budsjett for 2016, samt Dingemoen skule som har auke i tal elevar.
- Dersom resultatet blir slik som prognosen viser, vil vi etter at ein har brukt resterande midlar på disposisjonsfondet på 1,68 mill, ha eit underskot som må dekkast inn i budsjettet for 2016 på kr 3 mill (prognoseresultat på 4,67 mill – rest på disposisjonsfondet på 1,68 mill = 3 mill).

Informasjon om innsparingarbeidet.

Arbeidet med innsparingar har pågått kontinuerleg sidan november 2012.

Det har vore jobba godt både internt blant leiarar, tilsette og politisk vald styringsgruppe (formannskap + gruppeleiarar og tillitsvalde). Det har vore gjennomført vurdering av leiarane, egne analysar av økonomien og ekstern analyse gjennomført av Agenda Kaupang. Alle tre har uavhengig av kvarandre hatt tilnærma likelydande konklusjonar når det handlar om kor ein kan gjennomføre innsparingar. Det har vore eit samrøystes formannskap og kommunestyre som har vedteke plan for innsparingane etter innstilling frå styringsgruppa (jf kommunestyrevedtak 17/15 – 23.2.15). Prinsipp som låg til grunn for innsparingane:

- *Vi kuttar i dei tenestane som er dyrast, samanlikna med andre kommunar*
- *Vi kuttar der det er mulig å gjere endringar innanfor tre år*
- *Vi tek meir i dei tenestane vi veit ein kan styre gjennom planar og vedtak, enn i tenestar der lovverk og brukarane gir premissane.*

Når vi vedtok budsjettet for 2015 og innsparingsprogrammet, måtte vi auke innsparingsmålet utover anbefalingane til Agenda Kaupang på 6 mill over 3 år til 8,5 mill over 1 år.

Budsjettet for 2015 vart vedtatt med viten om at ein for dette året ville ha ein manko på ca 3,6 mill i og med at innsparing innan skule og barnehage ved strukturendringar først var mogeleg å gjennomføre frå skuleåret 2016/17.

Vi skal gjennomføre innsparingar tilsvarende kr 8,575 mill for å nå budsjettbalanse. Utifrå vedtak gjort etter nyttår (10.2.15 12/15), med plan for reduksjonar innan skule og barnehage frå 2016/15, vil ein ikkje nå innsparingsmålet dette året.

SPAREPROGRAM SOM LÅG TIL GRUNN FOR UTARBEIDING AV BUDSJETTET FOR 2015

	MÅL	2. TERTIAL	kommentar
SKULE	2400		føreset stukturendring
BARNEHAGE	300		føreset stukturendring
BIO	3200	2650	betre enn forventa
KOMMUNEHELSE	200	200	i høve planen, men uføreset kostn. legev. Har kome til
NAV	300	300	i høve planen
BARNEVERN	300	300	i høve planen
RÅDMANNEN	1075		pågår
KULTUR	600	725	i høve planen
TEKNISK	200	200	* antatt overskriding på vegvedlikehald
LANDBRUK		-400	planlagt samanslåing er ikkje gj.ført
Totalt	8575	3975	

Mål og tiltak innan fokusområda (jf arbeidgjevarpolitikk og grunnverdiar –juni-15)

1.1 VISJON

Fjaler kommune sin visjon er «Eit ope samfunn»

Fjaler kommune skal vere eit inkluderande samfunn som møter nye innbyggjarar med ei positiv haldning.

1.2 VERDIGRUNNLAG

Fjaler kommune er ein stor organisasjon med stor geografisk avstand mellom einingane. Difor må det vere rom for lokal kultur og identitet. Nokre verdiar skal uansett vere felles. Leiarane i Fjaler kommune har vald å løfte fram fire verdiar som skal kjenneteikne all vår utøving av leiarskap.

Fjaler kommune sitt verdigrunnlag er: Tydeleg, Inkluderande, Måletta og Utviklande

1.3 FORMÅL

Fjaler kommune som organisasjon og arbeidsgivar skal jobbe måletta for å oppnå ein sunn kommuneøkonomi (netto driftsresultat på minimum 2%, driftsreserve på minimum 10 millionar og netto lånegjeld på 40% av netto driftskostnader). Vi skal og vere ein veldreven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde

For å oppnå dette skal Fjaler kommune:

- ✓ Nytte årshjulmetodikk i arbeidet
- ✓ Følgje opp resultatmål basert på politiske vedtak og føringar
- ✓ Ha ei drift i tråd med lover og reglar
- ✓ Ha ein effektiv og målretta ressursbruk
- ✓ Kvalitetssikre og forbetre drift og oppgåveløysing
- ✓ Aktivt utnytte moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi
- ✓ Avvikle oppgåver som er blitt unødvendige
- ✓ Mål- og økonomistyring med tertialrapportering, årsbudsjett, årsmelding og handlingsplanar

1.4 POLITIKK

Målsetting: *75% samrøystes vedtak, best mogeleg beslutningsstøtteinformasjon, 100% gjennomføring av vedtak, godt samarbeid mellom administrasjon og folkevalde.*

Tiltak 2015:

- Presentasjon/opplæring av nytilsette
- Folkevaldopplæring nye politikarar

Evaluering etter 2. tertial (statestikk etter 1. halvår)

- Det er utarbeidd mal for presentasjon/opplæring av nytilsette
- I formannskapet er andel samrøystes vedtak framleis høg sjølv om det har vore ein liten nedgang. 94% etter innstilling frå sakshandsamar og 97% etter endring eller tilleggframlegg i møte.
- I kommunestyre har det og vore ein nedgang, og viser 81% etter innstilling frå sakshandsamar og også 81% etter endring eller tilleggframlegg i møte. Vedtak mot x stemmer er 19% og høgare enn tidlegare, dvs sidan målingane starta i 2008.

1.5 ORGANISASJONS (INTERNE TILHØVE – RESSURSAR)

Målsetting: *Legemeldt sjukefråvær på 5,5%, snittalder ved pensjonering på meir enn 64 år, andel detidsstillingar under 53%. Å vere god på rekruttering til ledige stillingar.*

Tiltak 2015:

- Arbeidsgivarpolitikk og grunnverdiar
- Følgjer rutinar for introduksjon av nytilsette
- Kompetanseutviklingsplanar
- Organisasjonsutvikling – struktur
- Utarbeiding av stillingsomtale.

Evaluering etter 2. tertial

- Arbeidsgivarpolitikk og grunnverdiar, vart vedteke i kommunestyremøte 22.6.15
- Rutinar for introduksjon av nytilsette er godt implementert og er i bruk i organisasjonen.

- Kompetanseutviklingsplanar, arbeid med organisasjonsstruktur og utarbeiding av stillingsomtalar pågår. For helse og oppvekstområde er det meste av stillingsomtalar ferdigstilt. For administrasjon, teknisk og kultur er planlagt ferdig innan nyttår.
- Totalt sjukefråvær pr 2. kvartal viser 6,1% som er ein liten nedgang frå 1. kvartal som var på 6,8% og tilsvarande periode i 2014 som og var på 6,8%. Legemeldte fråværet var 5,4% og betre enn målsettingar på 5,5% og betydeleg betre enn landssnittet. Sjukefråværet i kommunesektoren var i følge KS sin arbeids i perioden 2.kvartal 2014 til 1.kvartal 2015 på 9,8%.

1.6 PLAN OG UTVIKLING (investeringsaktivitetar)

Målsetting: 5 planverk ferdig i løpet av 2015, 70% av pågåande investeringsprosjekt – skal ha ferdigstatus ved nyttår.

Tiltak 2015

- Gjennomføre avslutning av prosjekt som skal godkjennast av kommunestyre
- Fokus på gjennomføring og avslutning av investeringsprosjekt – betre oppfølging
- Evaluere planstrategi og kritisk vurdere behovet for rullering sett i samanheng med kommunereforma.
- Betre vurdering av ressursbehov ift arbeid med revisjon og ved utarbeiding av nye planverk.
- Strategiarbeid for helseområde, jf vedtak i formannskapet etter 4.11.14, sak 84/14.

Evaluering etter 2. tertial

Plan

- 3 av 5 planverk er vedtekne pr 2. tertial; arbeidsgjevarpolitikk, kommunedelplan for Dale og Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget.
- Arbeid med rullering og revisjon av planverk føl i stor grad planlagt framdrift, men auka kompleksitet og krav til planprogram gjer til at noko må utsettast grunna mangel på ressursar.
- Det vart i juni vedteke å auke ressurs innan plan for dei neste to åra. Dvs vidareføring av det arbeidet som har vore dei tre føregåande åra.

Utvikling (investeringsprosjekt)

- Det er ikkje gjennomført avslutning av investeringsprosjekt til kommunestyre pr 2. tertial. Det er pr i dag 4 prosjekt som er klar til avslutning.
- 24% av investeringsprosjekta er ferdig, 56% har status pågå, 12% er ikkje starta og 8% er utsatt. Sum prosjekt som er avslutta og pågå er 80% og tilfredsstillande.
- Rådmannen har jamnleg oppfølging med prosjektleiarar i samband med gjennomføring av prosjekt. Vi har i overkant mange og til dels komplisert prosjekt til gjennomføring. Samtidig prøver vi å slå saman anskaffelsar som går på tvers av prosjekta. Det betyr at det i høve til mengd ressursar vil ta lengre tid å få ferdigstilt prosjekta enn det som vi har forventa.

Planstrategi og arbeid med helsestrategi

- Arbeid med planstrategi må sjåast i samanheng med kommunereforma og må seinast vere vedteken august 2016. Det betyr at det kan vere fornuftig å vente til ein ser kva retning det går i når det gjelder samanslåing av kommunar før ein startar arbeidet. Uansett blir det viktig å samhandle med nabokommunane i samband med rulleringa.
- Internt arbeid med helsestrategi er iverksatt og vil bli jobba med utover året og med milepæl i samband med arbeid med budsjett og økonomiplan i september.

1.7 ØKONOMI

Målsetting: *2015 - budsjettbalanse*

Tiltak 2015

- Gjennomføre vedteke spareprogram
- Innkjøpsstopp, redusert vikarbruk og vakanse der det er mulig
- Gjennomføre investeringar som kan redusere kostnadane
- Gjennomføre forbetringstiltak som har effekt både på kort og lang sikt, jf arbeid med organisasjonsstruktur, personalhandsaming og brukarorienter.

Evaluering etter 1. tertial

- Spareprogrammet er i stor grad gjennomført slik som planlagt, justert for vedtak i februar (dvs utsetting av endring i struktur innan oppvekst frå 2015/16 til 2016/17.
- **Ytterlegare svikt i inntekter, utsetting av innsparingstiltak (skule og barnehage) og auka behov innan spesialiserte tenestar gjer at det blir særst vanskeleg å nå budsjettbalanse.**
- Det har i heile år vore innkjøpsstopp og fokus på redusert vikarbruk.
- Det er stort press på meir ressursar til særskilte tiltak innan oppvekst og helse.

1.8 KVALITETSUTVIKLING

Målsetting: *Betre styringssystem for dokumentstyring, avvikshandsaming, risikovurderingar og rapportering. Positive effektar for heile organisasjonen i form av betre kvalitet på tenestar, auka effektivitet og reduserte kostnader.*

Tiltak 2015

- Ferdigstille innføring av elektronisk kvalitetssikringssystem
- Gjennomføre opplæring innan bruk av avvikssystem, dokumentsystem, stillingsomtalar og risikovurdering
- Etablere organisasjon for kontinuerleg utvikling og drift

Evaluering pr 2. tertial

- Arbeidet med innføring av kvalitetssystemet er gjennomført i samsvar med framdriftsplanen, dvs 30.6.15. Sluttrapport ift. mottekne midlar på kr 500.000 er sendt til fylkesmannen.
- Ei oppsummering viser at vi har registrert 230 avvik pr 2. tertial. Nokon er flinke til å bruke systemet, men sektorar som er nye ift. kvalitetsarbeid - særleg oppvekst, må auke fokus og innsats for å komme på tilsvarende nivå som pleie og omsorg.

- Det er teke i bruk ny mal for rapportering av avvik i samband med tertial og årsmelding.
- Rådgjevar personal og rådgjevar økonomi har ansvar for vidareføring av arbeid og ajourhold av system etter prosjektperioden.
- Det er etablert eit nettverk blant kommunane som har innført systemet. Gulen, Askvoll, Gaular, Hyllestad og Fjaler. Dei andre kommunane i SYS-samarbeidet vil kome til etter kvart som dei blir ferdig med sine innføringsprosjekt.

*** OPPFØLGING ETTER AGENDA KAUPANG SIN GJENNOMGANG AV FORVALTNINGSKULTUREN I FJALER KOMMUNE.**

Utover arbeid med organisasjonsstruktur som nemnt i kap 1.5, har vi ulike tiltak for å betre **personalhandsaming** (PH) og **brukarorientering** (BO).

Status etter 1. tertial (rangering 1 og 2, indikerar kven tiltaket er viktig for)

Tiltak	PH	BO	Kommentarar	Ferdig	Ansvar PA og PL
Nytt telefonsystem	1	2	MS-Lync – 10 kommunar - Store innsparingar og forbetra oversikt	Feb-15	AM/ST
Arbeidsbok FDV	1	2	Melding og styring av vedlikehaldsbehov	Feb-15	EB/ÅG
SMS-varsling	2	1	Innbyggjarvarsling ved td vassbrot, viktig informasjon	Mars-15	EB/ÅÅ
Elektronisk arkiv	1	2	All korrespondanse i elektroniske mapper vs. papir	Utsatt ut 2015	OH/KH
Kvalitetssystem	1	1	Styringssystem - Betre kvalitet	Juni-15	OH/AZ
Integrasjon mellom fagsystem og hovudsystem	1	2	Auka effektivitet – ein handsaming i systemet i stadenfor 2 - Faktura helse til øk.system	Aug-15	AM
Ny design nettsider	2	1	Betre og meir anvendeleg nettsider	Feb-15	KH/EU
Nye sjølvbetjenings-løysingar	2	1	Løysing for søknad på jobb – webcruiter (10 kommunar)	pågår	ML/KH
Arbeidsgivarpolitikk	1	2	Klare krav og forventningar	Juni-15	OH/ML
Informasjon og kommunikasjonsplan	1	2	Kven informerar vi og korleis	Pågår	OH/ML
Oppfølging og nærvær	1	2	Fokus på arbeidsmiljø og trivsel	Kontin.	Rådmann/leiarane
Arbeidsmål og stillingsomtale	1	2	Klargjering av ansvar, mynde og oppgåver i organisasjonen for alle tilsette	pågår	OH/ML-MH-KV

Ansvar 100 - Rådmannen

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
Ansvar 100 Rådmannen	31561	28 230	28 430	24 038	200
SUM					200

Kommentar:

Ansvar 100 – Rådmannen har eit total forbruk pr. 2. tertial på 88,8%. Dette ligg godt over det som vil vere eit gjennomsnittleg totalforbruk for perioden. Årsaka er at mange av inntektene og utgiftene på ansvar 100 gjeld heile organisasjonen og er ikkje periodisert jamt over året. I tillegg ligg her amortisering- og premieavvik på pensjon, desse størrelsane er ikkje kjent før vi gjere opp rekneskapen, det er store beløp. Dette fører til at det på mange av deltenestene vil bli feil å kommentere ut frå prosentvis forbruk pr. 30.08-15. Her vert berre kommentert deltenester med forventa avvik ved årsslutt.

På pensjon har det gjennom året blitt brukt premiefond til dekke pensjonsutgiftene, dette er tiltak som vart sett i verk for å betre likviditeten til kommunen. Det fører til at premieavviket som er budsjettert som inntekt på eininga vil bli negativt, men samla sett for kommunen vil det ikkje bli endring i kostnadane. Einingane vil få lågare pensjonsutgifter enn det som ligg til grunn i budsjettet medan vi vil få ein tilsvarende auke under rådmannen. Ein vil justere budsjettet for denne endringa.

På kulturskule har vi eit samarbeid med Hyllestad kommune, der Hyllestad har vertskommune ansvar. Det vil sei at rektor rapporterer til Hyllestad kommune. Fjaler sin del av kostnadane er budsjettert under ansvar 100. Kulturskulen melder ved 2. tertial at dei forventar balanse ved årsslutt.

Konklusjon:

Ansvar 100 styrer mot eit meirforbruk på kr 0,2mill. Vi ber ikkje om ekstraløyving men prøver så langt råd å spare på andre postar for å oppnå budsjettbalanse ved årsslutt. Det største usikre momentet er pensjonsutgiftene og korleis dei utviklar, men så langt er det ingenting som tilseier at vi får meirforbruk på denne posten når ein ser kommunen samla under eitt.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT			
Fagleg Kvalitet	1	1	1
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik	1	1	1

Forbetringsforslag	1		
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde			
Revisjon og tilsyn			

Del ansvar 100 – 12051 sørviskontoret

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.budsj.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
12051	5 857	5 880	5 880	3 511	0
SUM					

Kommentar:

Innførd innkjøpsstopp er teken til følgje så langt det har vore praktisk mogeleg. Omsorgspermisjon i delstillingar har finansiert kostnader med ferievikar, opplæring (2014) av nyttilsett samt delar av lønsauken som følgje av lønsforhandlingane på slutten av 2014. Vi har fått reduserte utgifter som følgje av nytt telefonisystem, medan forbruk porto ligg over budsjettet. Reduksjon her kan først komme ved innføring av digital kommunikasjon med innbyggjarane. Budsjetterte inntekter ligg litt under prognosen, men kan lett endre seg til årsslutt. Uansett er dette små summar. Nytt av året er intern overføring knytt til VAR, kalkulert til kr 89 800 for 2015.

Konklusjon:

Sjølv om fleire av dei store utgiftene kjem først ved årsslutt, ser det ut til at vi unngår overforbruk og at budsjettert innsparing på kr 200 000 blir oppnådd.

Kommentar:

Vi har framleis eit stort forbettringspotensiale når det gjeld å melde avvik. Feil som er gjorde blir retta utan at dei blir melde i Kvalitetshandboka. Ingen avvik er rapporterte i 2. tertial.

Ansvar 210 – Dingemoen skule

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
20200 Skule	11 784	12 856	13096	8 595	240
21500 SFO	338	362	362	389	0
22220 Drift	1 375	1 238	1 138	673	-100
SUM	13 497	14 456	14596	9 657	140

Kommentar:

Grunna uklare signal om merkantil stilling, var den ikkje med i rapporten for 1. tertial. Men den vert no betalt over Dingemoen skule sitt budsjett. Det utgjer ca.140.000 inkl. sosiale utgifter.

Når det gjeld resten , ca. kr 100.000, syner eg til kommentarane ved 1. tertial.

Innsparing på drift, ca. 100.000, gjeld straum.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	3		3
Fagleg Kvalitet			
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik			
Forbetringsforslag			
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	10		
Revisjon og tilsyn			

Ansvar – 211 Flekke skule og barnehage

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
20100 Barnehage	2 470		2 470	1 715	
22120 Drift og vedlikehald b.hage	232		232	155	
21500 SFO	105		105	74	
20200 Skule	3 141		3 141	2 153	
22220 Drift og vedlikehald skule	542		542	361	
SUM	6 490		6 490	4 458	

Kommentar:

Dersom ein ser på prosent og kroner pr. 2. tertial så er det avvik, men det er i hovudsak ikkje refunderte midlar innafor spesialpedagogiske tiltak og prosjekt. Desse midlane er ikkje periodiserte og alt vil komme inn på slutten av året.

Konklusjon:

Flekke skule og barnehage ser ut til å vere innafor budsjett for 2015.

Kommentar:

I 2. tertial hadde vi ikkje rapporterte avvik

212 –Guddal skule og barnehage

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds	Just.buds	Prognose	Rekneskap til	Avvik
-------------	-----------	-----------	----------	---------------	-------

	j.	j.	år	no	
	4.093	3.993	3.900	2.661	Innanfor budsjett
SUM					

Kommentar: Guddal skule og barnehage har i september 2015 eit totalforbruk på 65,1 %. Dette ligg godt innanfor vedteke budsjett. Hovudgrunnen er fokus på budsjett og økonomistyring i heile personale.

Konklusjon: Guddal skule og barnehage vil komme til å halde budsjettet for 2015
Ansvar – 214 Våge skule

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
20200 Grunnskule	6 259			4 246	
21500 SFO	76			21	
22220 Drift og vedlikehald	805			549	
SUM	7 140			4 818	

Kommentar:

Lønsbudsjettet ser betre ut no, fordi vi har fått inn sjukelønsrefusjon og fødselspengar. Vi har vore svært nøkterne i drifta og må halde fram med det for å halde budsjettbalansen.

Rekneskapen for SFO ser positivt ut. Det er vanskeleg å skilje forbruksmateriale frå forbruksmateriale skule.

Drifta er også i balanse, vi har sjølv dekkja inn små investeringar i sikringsutstyr og nødvendig solskjerming.

Konklusjon:

Det er noko usikkerheit m.o.t. lønn, men med stram drift skal vi greie å halde budsjettet.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	4	7	4
Fagleg Kvalitet	1	1	1
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik			
Forbetringsforslag			
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	1	1	
Revisjon og tilsyn	1	2	1

Kommentar:

Våge skule har hatt tilsyn på det psykososiale miljøet (§9a). Tiltak er gjennomført og rapport er sendt til Fylkesmannen. Tiltak på HMT gjeld mykje reparasjon av utstyr og leikeapparat.

Ansvar 215 – Fjaler Ungdomsskule

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
Fjaler Ungdomsskuel	9749	8133	8133	5429	0
SUM					

Melder budsjettbalanse ved årsslutt

Ansvar – 270 Yksnebjør barnehage

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
20100	8 200	8 200	8 200	5 953	0
22120	521	521	86	404	86
SUM					86

Kommentar:

20100: Vil gå i balanse. Har høgt forbruk på løn. Overforbruket på fastløn vert refundert på grunn av spesialpedagogiske stillingar.

22012: Overforbruk på kroner 86000,-. Dette er på grunn av overforbruk på Reinhald og vaskeritenester.

Konklusjon:

Vil ha vanskar med å hente inn overforbruket på reinhald og vaskeritenester (22120).

272 – Hellevik barnehage

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
20100	1 919	1 935	1 935	1 291	0
22120	173	173	173	81	0
SUM	2 093	2 108	2 108	1 372	0

Kommentar:

Budsjett justeringa gjeld overføringar etter lokale forhandlingar

Konklusjon:

Hellevik barnehage held seg innanfor budsjettet om ikkje vi får utgifter som vi ikkje ser no.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	5	3	2
Fagleg Kvalitet			
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik			

Forbetringsforslag			
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	1	0	0
Revisjon og tilsyn			

Kommentar:

- 1: Vatnet er bakteriar i, det er sett opp ulike filter for å reinse vatnet. Men bakteriane er ikkje borte enno, så avviket er ikkje lukka.
- 2: Takrenna er pressa ut frå taket slik at vatnet renn ned på plassen, står ungane der vert dei våte.
- 3: Vi treng ny port, den står på vent.
- 4: Barn blei att ute på leikeplassen når alle gjekk inn. Vi har betra rutinane våre.
- 5: Barn skada øyret etter slag mot ein sykkel.
- 6: Vernerunde – tunge løft. Vanskeleg å lukke når vi jobbar med born.

Ansvar BIO, 300-307, 2. tertial 2015

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.budsj.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
Ansvar: 300-307	65 012	66 902	66 828	48 845	-74
Tilskot ein ikkje fekk i 2014 som er ført i rekneskapen					2250
SUM					2176

Kommentar:

Ansvar 300-307. Eg har valt å kommentere alle deltenester under eitt, sidan fleire moment er gjeldande for fleire deltenester. Vi har oppretta eit nytt ansvar 307, for å ha betre kontroll over ressurskrevjande tenester.

To administrasjonsstillingar har vore vakante grunna rekrutterings-utfordringar. Dette medfører at ein har spart mykje lønsutgifter, men det fører også til at nokre oppgåver ikkje vert prioritert og at det blir stort arbeidspress på dei tilsette. Desse stillingane er no lyst ut og det hastar med å tilsetje nokon.

Dekningsgraden på sjukeheimen har aldri vore høgare enn 2.tertial 2015 (108%). Den totale dekningsgraden (sjukeheim + rehabiliteringshyblar), er 103%. Vi har ikkje hatt overliggjedøgn i sjukehus.

Personleg bistand har tidlegare ikkje vore med i statistikken. Dette er no retta opp. Dette forklarar auka i tal-brukarar som mottok heimetenester, men i realiteten er det ein reduksjon i tal brukarar i heimetenesta. Dette gjer at vi har klart å redusere kostnadane i heimetenestene.

Vaksenopplæring er redusert jamfør innsparingstiltaka.

Fleire deltenester ligg *under* forbruk ut frå budsjett. Dette fordi nokre einingar har spart svært mykje på vikar- innleige. Innsparingstiltaka er også fullført. Sjukefråveret har vore svært varierende i dei ulike månadane. Arbeidslag 5 har hatt den største økonomiske utfordringa. Dette er forårsaka av overbelegg og tung pleie i avdelinga og omsorgsbustadane. Arbeidslaget har likevel klart å fokusere på løysingar i høve innsparing.

Sidan vi har fått tildelt tilskot til dagsenter for personar med demens og kompetansehevingstiltak innan lindrande behandling, kan vi – sjølv med trong økonomi – utvikle tenestene våre innan nokre områder.

Konklusjon:

Det er vanskeleg å vurdere prognosen for 2015 grunna mange usikre moment.

Rundskriv frå Helsedirektoratet, som gjeld dekning av tenester til ressurskrevjande brukarar, mottek ein ikkje før februar 2016, og difor er dekningsgraden for refusjon svært usikker. Vi har motteke signal frå økonomikonsulent Södermann om at refusjonsordninga truleg vil reduserast for 2015.

Innsparingskravet for 2015 er på 2 650 000,-kr. Slik det ser ut etter 2. tertial, vil BIO truleg nå det målet.

I 2014 hadde BIO konsulentbistand for gjennomgang av refusjonen innan tenester til ressurskrevjande brukarar. Ordninga er slik at det bli inntektsført i 2014, men godkjenning frå Helsedirektoratet og utbetalinga skjer fyrst i 2015. Inntektene blei auka betrakteleg frå tidlegare år, men det viser seg at eitt av krava ikkje var gyldig. Tapet på 2 250 000,-kr prøver vi å dekkje inn i 2015. Vi har difor sett i verk ytterlegare tiltak, men vi ser at vi likevel ikkje vil klare å dekke alt.

Det er eit kontinuerleg fokus på å halde kostnadane nede og samarbeide på tvers av einingane. Lagleiarane har hatt gjennomgang av lønskostnadane, og ein arbeider med rutinar for god budsjettkontroll.

Bistand og omsorg tek innsparingskravet svært alvorleg. Leiarar og andre tilsette er lojale overfor tiltaka som er bestemt. Samstundes merkar vi at sparing over lang tid er uheldig.

Avvik

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	21	15	19
Fagleg Kvalitet	85	92	85
Legemiddelhandsaming	42	43	41
Ikt og informasjonstryggleik	1	0	0
Forbetringsforslag	7	3	3
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	2	0	0
Revisjon og tilsyn	0	0	0

Kommentar: Over tid ser vi at vi har hatt for mange medisnavvik. Ein har no tilsett sjukepleiar i arbeidslag 3 og vernepleiarar/sjukepleiarar i arbeidslaget skal setje av tid til å jobbe med internkontroll innan medikament. Vi håpar desse tiltaka kan resultere i færre avvik. Vi har også mange avvik innan fagleg kvalitet i fleire arbeidslag. Ein del av desse avvika er også i samanheng med medikament, men også andre faglege avvik som må forbeistrast. Avviksrapporten er ein indikator på at ein treng å jobbe med fagleg kvalitet og kompetanseheving.

Ansvar – 312 Helsestasjon

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
Helsestasjon/skulehelseteneste	1 457	1 485	1 510	1 074	25
SUM					

Kommentar: Helsestasjons budsjett viser avvik på lønn.

Konklusjon: Budsjett ser ut til å vere i balanse utanom lønns auking

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT			
Fagleg Kvalitet	10	0	0
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik			
Forbetringsforslag			
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde			
Revisjon og tilsyn			

Kommentar: Manglande jordmorressurs i forhold til ny barselslov betyr at helsesøstrer har tatt ekstra heimbesøk til nyfødte barn. Rådmannen er informert.

Ansvar – 313 Fysioterapitenesta

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
10100 Fast løn	1992		1882	1163	-110
14000 Overføringer til staten	30		75	50	45
17000 Refusjon frå staten	-637		-672	-15	-35
SUM 313	2139		2039	1652	-100

Kommentar:

- Det er eit større avvik på løn grunna at det frå mai 2015 er redusert ein 100% stilling med 20%. I tillegg får vi innsparing i løn på tre veker utan ergoterapistilling.
- Overføringar til staten ser ut til å bli større enn det ein håpa på; det er auke i utgifter til å dekke inn krav frå Helfo på utbetalingar til pasientar frå Fjaler kommune som delvis eller fullt får dekkja fysioterapibehandling i anna EØS land.
- Refusjon frå staten inneheld fastlønstilskot som vi får utbetalt i etterkant kvart halvår. Det er difor enno ikkje komme inn i rekneskap ved 2 tertial, men prognosen viser auka inntekt jamfør det som er budsjettert. Det er fordi vi vil få ekstra fastlønstilskot for fysioterapeut frå 19. okt som vikarierer fram til ny ergoterapeut tek til medio mai neste år.
- Auka utgift til vaktmeisteravtale i vår teneste gjev tilsvarende inntekt for teknisk teneste i kommunen og konsekvensen av evt avvik påvirke difor ikkje totaløkonomien i Fjaler kommune.
Evt avvik vil difor ikkje bli vektlagt frå mi side, då det er ei nødvendig oppgåve som teknisk og fysio må samarbeide om til beste for Fjaler sine brukarar, der fysio tilvise oppgaver, medan teknisk utføre oppgåvene og fakturere fysio.
- Innkjøp til inventar og utstyr til Frisklivssentralen som blir betalt med øyremerka fondsmidlar, blir ikkje kommentert som avvik då dei ulike kontoane veg opp for kvarandre.

Konklusjon:

Om prognosen for overføringar til staten held seg vil rekneskapet ved årsskifte vise ca kr 100 000 i innsparing jamfør det som var budsjettert.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT			
Fagleg Kvalitet	2	2	2
Legemiddelhandsaming			
Ikt og informasjonstryggleik			
Forbetringsforslag			
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde			
Revisjon og tilsyn			

Kommentar: Få avvik, men viktige å følge opp

Ansvar 320 - Lækjarkontoret

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
24110 – Legesenter	4 432	4 489	4 489	3 916	0
24130 – Legevakt	725	725	836	584	111
24150- Medisinsk naudmeldeteneste	320	320	320	213	0
SUM					111

Forventar eit meirforbruk på legevakt.

Ansvar – 355 NAV Fjaler

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.budsj.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
24230 – Krisesenter/SMISO	254	254	254	14	0
24250 – Drift NAV Fjaler	1512	1850	1550	808	-300
24280 – Førebyggjande edruskapsarb.	-3	-9	-9	-30	0
27600 - Kvalifiseringsordninga	355	188	138	56	-50
28100 – Økonomisk sosialhjelp	920	850	850	571	0
28110 – Økonomisk sosialhjelp intro	0	0	150	66	150
28500 – Tilskot Karriere HAFS	63	63	63	0	0
SUM	3101	3196	2996	1485	-200

Kommentar:

Innsparingskravet på 300.000 er i justert budsjett fordelt i samsvar med planlagt reduksjon. I opprinneleg budsjettet var heile beløpet tatt inn i teneste 24250.

Teneste 24250 - grunna felles leing med NAV Hyllestad 1. halvår og fråvær utan vikarbruk, har kontoret reduserte driftskostnader.

Teneste 27600 – ikkje vore deltakar i programmet delar av året.

Teneste 28110 – stønad fram til første lønnsutbetaling i introduksjonsprogram vert ytt frå NAV Fjaler. Også behov for supplerande stønad under programmet, vert ført på denne tenesta.

Konklusjon:

Ut i frå det vi vurderer i dag vil NAV Fjaler har eit positivt avvik for 2015.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	1	0	1
Fagleg Kvalitet	0	0	0
Legemiddelhandsaming	0	0	0
Ikt og informasjonstryggleik	0	0	0
Forbettringsforslag	0	0	0
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	Sjå kommentar		
Revisjon og tilsyn	0	0	0

Kommentar:

Vernerunde er gjennomført, men rapport manglar og avvik er ikkje registert.

Internkontroll er eit prioritert område i kontoret, men det at kommune og stat har ulike rutinar og registreringssystem er utfordrande i internkontrollen.

Ansvar – 360 HAFS barnevernteneste

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
24410 drift interkommunale tenesta	1291		1226	-633	-65
25100 tiltak i heimen	798		728	255	-70
25200 tiltak utanfor heimen	1536		1536	971	0
SUM					

Kommentar:

24410 Drift interkommunal barnevernteneste

Barneverntenesta har no til saman 6 sakshandsamarstillingar og 2,5 tiltaksstillingar, inkludert leiar. 2,3 av desse stillingane er midlar frå Fylkesmannen som allereie er overført for 2015. På grunn av omsorgspermisjon hos ei av dei tilsette har barneverntenesta 30% vakanse i ei stilling fram til nyttår. Dette kjem som ei innsparing på denne tenesta.

Ei 100% tiltaksstilling blir refundert frå kommunane sitt tiltaksbudsjett til 24410 ved årsslutt, så dette er ikkje med i rekneskapen for 2.tertial.

Refusjonar frå dei andre tre HAFS kommunane til den interkommunale drifta er kravd inn for heile 2015, difor er tala i rekneskapen svært misvisande for Fjaler sin del.

Utgifter i høve dei andre budsjettpostane på 24410 er som budsjettert.

Det ser ut til å verte ei innsparing på om lag kr 65 000 for Fjaler på teneste 24410.

25100 tiltak i heimen

Barneverntenesta har arbeidd med innsparingstiltak knytt til denne tenesta. Så langt har tiltaka vore vellukka. Barneverntenesta har fått fleire nye saker i Fjaler og fleire av desse blir framleis undersøkt, det er difor usikkert kva tiltak som vil vere naudsynt å sette i verk og eventuelle kostnader knytt til desse. Slik situasjonen er no er det venta ei innsparing på om lag kr 70 000 på denne tenesta.

25200 tiltak utanfor heimen

Utgiftene er som budsjettert. Teneste 25200 ser ut til å ende i balanse.

Konklusjon:

24410 innsparing om lag kr 65 000

25100 Innsparing om lag kr 70 000
25200 Balanse

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	0	0	0
Fagleg Kvalitet	0	0	0
Legemiddelhandsaming	0	0	0
Ikt og informasjonstryggleik	2	3	2
Forbetringsforslag	0	0	0
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde	0	0	0
Revisjon og tilsyn	0	0	0

Kommentar:

Barneverntenesta arbeider med å bli betre på avviksregistrering. Det har tidlegare ikkje vore ein kultur hos dei tilsette for å registrere alle typer avvik i stor nok grad og vi har difor fokus på dette framover.

Barneverntenesta har også deltatt i ein eigenvurdering i regi av Fylkesmannen. Her har vi sjølv avdekka manglande dokumentasjon på vurderingar knytt til meldingshandsaming og sett i verk tiltak for å rette dette opp. Dette avviket vert registrert på siste kvartal 2015 som ein del av avvikshandsaminga i forbindelse med sluttrapport til Fylkesmannen.

Ansvar – 500 kultur

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
Heile ansvar 500	3 748	3 720	3 720	2 104	0
SUM					

Kommentar:

Kulturavdelinga fekk fyrst eit kutt på 300 000 i budsjettprosessen– og i etterkant fekk vi eit ekstra kutt på 106 000. Det er kompensert for lønnsauke på 77 50 – noko som gjev justert budsjett på 3 720 000. For å få til kuttet på 106 000 har vi sett på meir langsiktige løysingar for å få dette til. Men per no ser det ut til at vi skal klare heile kuttet på 406 000 dette året – men det kan vera vanskelegare for neste år.

Konklusjon:

Slik det ser ut no så skal kulturavdelinga klare å halde budsjett.

Ansvar 600 – Teknisk kontor

(Tal i heile tusen)

Deltenester	Oppr.budsj.	Just.budsj.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
33210 Vegvedlikehald	2765	2869	3069	2300	200
33910 Brannvesen	1927	1963	2063	1680	100
SUM					300

Kommentar:

Vegvedlikehald

Forventa overskriding 1. tertial var kr 400.000. Driftsnivået har vorte redusert til eit absolutt minimum som følgje av det. Med bakgrunn i forventa driftsutgifter resten av året, og forventa inntekter frå brøyteabonnement, vert overskridinga redusert til kr 200.000.

Brannvesen

Det nye naudnettet er no teke i bruk. Vi har fått melding om at lisensutgifter på det nye utstyret vert fakturert allereie frå oktober månad, og ikkje frå og med januar neste år som tidlegare sagt. Vidare må kommunane dekke kostnaden med nødvendig tilleggsutstyr til radioterminalane. Overskridinga på kr 100.000 skuldast dette.

Konklusjon:

Prognosen for utgifter til vegvedlikehald inneber at det vert utført arbeid som ligg langt under det som er behovet, og svært lite utgifter til vintervedlikehald før nyttår. Målsettinga er å redusere forventa overskriding eller komme i ballanse.

Avviksområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
HMT	11	8	7
Fagleg Kvalitet	9	9	8
Legemiddelhandsaming	0	0	0
Ikt og informasjonstryggleik	2	2	2
Forbettringsforslag	0	0	0
Revisjonsområde	Tal avvik	Tal tiltak sett i verk	Tal lukka avvik
Vernerunde			
Revisjon og tilsyn	0	0	0

Kommentar:

Tabellen viser summen av 1. og 2. tertial. Manglar oversikt over avvik knytta til vernerundar.

Ansvar 650 – LAF

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
32940 – Landbrukskontor	998	998	1398	782	400
SUM					

Kommentar:

Når budsjettet vart vedteke var føresetnaden at Hyllestad og Solund skulle bli ein del av samarbeidet og at alle kommunae i HAFS skulle danne felles landbrukskontor. Det vart klart ut på året at dette ikkje vart ein realitet. Vi får difor ikkje den reduksjonen i utgiftene som ein hadde tenkt.

Konklusjon:

Meirforbruk i høve budsjett på kr 0,4 mill.

Ansvar 900 – Finansielle føremål

Deltenester	Oppr.buds j.	Just.buds j.	Prognose år	Rekneskap til no	Avvik
80000 Skatt på inntekt og ramme	-61 673	-61 673	-55 138	-45 126	938
84000 Statleg rammetilskot	-122 000	-122 000	-121 178	-106 340	217
87000 Renter, utbyte og lån	9 728	9 728	9192	3714	536
SUM					1 691

Kommentar:

Samla sett på skatt og råmetilskot viser prognosen ei mindreinntekt i høve budsjett på kr 1,155 mill. Det er ei lita forbetring i høve 1. tertial men vi kjem nok til å ha eit meirforbruk på tenesta ved årsslutt. Prognosen på skatt og råde er basert på tal frå KS. Det ein ser lokalt er at skatteinntgangen dei siste terminane ligg noko over prognosen, dersom det held ut året vil ein nok sjå eit noko betre resultat enn kva skissert over.

Utbyte frå Sunnfjord energi er redusert, vi får ikkje det som vart lagt til grunn når vi vedtok budsjettet. Svikten utgjer kr 0,5 mill.

Konklusjon:

Samla sett har vi ei svikt i skatteinntekter, rådeoverføring og utbyte på kr 1 691, dette er noko forbetring frå 1. tertial rapport.

På dette området er det ikkje mogleg å setje i verk tiltak då det ikkje er lokale tilhøve som er årsak til avviket, då må ein eventuelt saldere einingane for å kompensere for inntektssvikten.

Dersom den positive utviklinga på skatteinntektene held fram ut året vil vi redusere noko på meirforbruket på ansvar 900.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 033/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/426
---	-------------------------	-------------------------------

Opplæring av nytt kontrollutval

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.09.2015	Brev frå SEKOM-sekretariat til Fjaler kommune: Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019	3177
20.10.2015	Reglement for Fjaler kontrollutval, vedteke 26.1.2015	3405
20.10.2015	Reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval, vedteke 26.1.2015	3406
22.10.2015	Informasjon/opplæring på oppstartmøta hausten 2015	3418

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Fjaler kontrollutval tek gjennomgang/opplæring frå SEKOM-sekretariat til orientering.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom bystyret og kontrollutvalet.

Vi var etter konstituering og val av kontrollutval, i kontakt med Fjaler kommune v/sørviskontoret, og minte om vår oppmoding til å invitere kontrollutvalet til folkevaldopplæringa. Vi har no fått opplyst at kontrollutvalet er invitert til folkevaldopplæringa som skal vere 26. oktober, og at nye nettbrett vert utdelt i samband med dette.

Fjaler kontrollutval har i samsvar med det nye reglementet auka frå 3 til 5 medlemer, der alle frå førre utval held fram, og 2 er nye.

Sogn og Fjordane kommunerevisorforening vil 25. januar 2016 halde opplæring for alle kontrollutvala i fylket på Skei hotell. SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemene i

kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen.

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemene. Her er lenkje til [kontrollutvalsboka](#)

SEKOM-sekretariat har eiga heimeside, der du finn alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Der ligg også sentrale lover, forskrifter, retningslinjer, publikasjonar og nyttige lenkjer. Her er lenkje til [heimesida](#)

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemene i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet.

Revisjonsselskapet vert invitert til å presentere seg for kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker. Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

Fjaler kommune v/ordfører og rådmann
Postboks 54
6961 DALE I SUNNFJORD

Dato: 14.09.2015
Vår referanse: 15/1490
Arkiv: FE-033

Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019

I samband kommunevalet vil SEKOM-sekretariat kome med informasjon og nokre tilrådingar for val av nytt kontrollutval i kommunen.

Val av kontrollutval

Kontrollutvalet er eit lovfesta utval som skal veljast i konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap jfr. kommunelova § 17 punkt 2. Minst eitt av medlemane i kontrollutvalet skal vere medlem i kommunestyret. SEKOM-sekretariat ser det som ein fordel at leiar i kontrollutvalet er medlem i kommunestyret.

Fjaler kontrollutval har i dag 3 medlemar, og 3 personlege varamedlemar. I det nye reglementet for Fjaler kontrollutval, står det i § 2 at kontrollutvalet skal ha 5 medlemar og minst 3 varamedlemar. Vi meiner at det bør vere 5 varamedlemar, då det ved stort forfall kan vere problem å ha nok møtande til å gjennomføre kontrollutvalsmøte. Det er ein fordel med felles varaliste, då dette gjer utvalet mindre sårbart ved forfall enn ved personlege varamedlemer.

Sjå meir om val av kontrollutval i vedlagde informasjon frå FKT og NKRF.

Opplæring

SEKOM-sekretariat meiner at det er viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Nettbrett

Fjaler kontrollutval brukar nettbrett til lesing av sakspapir. Vi ser det som naturleg at det nye kontrollutvalet får tildelt nettbrett, og at dei vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i kommunen.

Ordføraren sin møterett

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet jfr. kommunelova § 9 nr. 4. Det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutvalet tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis dei kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

Presentasjon av SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariat vil gjerne få høve til å komme på eit kommunestyremøte og presentere selskapet og utvalsfunksjonen, då vi trur det kan vere nyttig informasjon. Vi ser føre oss at det kan bli våren 2016, og vil ta nærare kontakt med ordførar og rådmann for å avtale tid.

SEKOM-sekretariat viser elles til reglement for Fjaler kontrollutval vedteke av kommunestyret 26.1.2015, sak 008/15. De finn også informasjon på vår heimeside www.sekom.no

Lukke til med val av kontrollutval for perioden 2015-2019.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar
Tlf 57 61 27 85 / 971 70 064
arva@sekom.no

Vedteke av kommunestyret 26.1.2015 sak
008/15

Dato: 02.01.2015
Vår referanse: 15/4
Arkiv: FE-033

Reglement for Fjaler kontrollutval

Lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og kommunar (Kommunelova) i tillegg til "Forskrift om revisjon" og "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet den 15. juni 2004 med heimel i nemnde lov er bindande og gjeld i sin heilskap.

§ 1 Kontrollutvalet sitt føremål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, irekna å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid sørgje for at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til kommunen, og at kommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift og andre reglar samt kommunestyret sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal vere eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

§ 2 Val – samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemar. Det skal veljast minst 3 varamedlemar. Minst ein av medlemane skal veljast blant kommunestyret sine medlemar. Dei andre medlemane vert valde på fritt grunnlag.

Leiar og nestleiar vert valde på fritt grunnlag.

Leiaren bør veljast frå eit av partia/gruppene i kommunestyret som ikkje har ordførar.

Kontrollutvalet skal veljast som første utval etter val av formannskap, ordførar og varaordførar jf kommunelova § 17.

Ved val av medlemar og varamedlemar skal omsynet til representativitet i kommunestyret særleg ivaretakast. Det bør vidare leggjast vekt på å få medlemar og varamedlemar med god erfaring frå

arbeidet som folkevald. Om mogeleg bør omsynet til kontinuitet blant medlemane i kontrollutvalet ha merksemd ved valet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskapet, medlem av kommunal nemnd/utval med mynde til å ta avgjersle på kommunen sine vegne og tilsette i kommunen. Det same gjeld den som leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for eit selskap mv. som kan vere gjenstand for selskapskontroll, jf kommunelova § 77 nr. 5.

Utover dette gjeld kommunelova sine reglar om val av faste utval.

Valretten ligg til kommunestyret.

§ 3 Kontrollutvalet sine oppgåver - Arbeidsområde og saksgang

Kontrollutvalet sine oppgåver er gitt i kommunelova kap. 12 forskrift om kontrollutval og forskrift om revisjon. Kommunestyret kan be utvalet utføre særskilte tilsynsoppgåver på sine vegne.

Kontrollutvalet skal i følgje kommunelova sørgje for at følgjande oppgåver vert utført:

- Rekneskapsrevisjon, sjå til at rekneskapa vert revidert på ein trygg måte, gje uttale til årsrekneskapa for kommunen og sjå til at revisor og kommunestyret sine merknader vert fylgt opp.
- Forvaltningsrevisjon, som er systematiske vurderingar av kommunen sin økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Kontrollutvalet skal utarbeide plan for forvaltningsrevisjon, som skal leggjast fram for kommunestyret. Utvalet skal rapportere resultata av gjennomførte forvaltningsrevisjonar til kommunestyret.
- Selskapskontroll, som inneber å føre kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet utarbeider plan for selskapskontroll. Vidare skal utvalet sørgje for å få gjennomført selskapskontrollar i samsvar med planen, og rapporterer til kommunestyret om gjennomførte selskapskontrollar.
- Granskingar eller undersøkingar. Kontrollutvalet kan på eige initiativ eller etter vedtak i kommunestyret foreta granskingar eller undersøkingar av kommunen si verksemd.

Kontrollutvalet skal, innan utgangen av året etter nytt utval er på plass, legge fram Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for selskapskontroll til kommunestyret. Det er kommunestyret som vedtek desse planane.

Kontrollutvalet skal vedta årsmelding for eiga verksemd. Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret.

Kommunestyret skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett for drift av kontrollutvalet. Denne tilrådinga vert av formannskapet vurdert innarbeidd i formannskapet sitt samla framlegg til budsjett. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til kommunestyret. Kontrollutvalet har fullmakt til å omfordele budsjettet mellom tenester/ansvar.

§ 4 Møte og sakshandsaming i kontrollutvalet – Saksgang

Ordinære møte vert avvikla i samsvar med fastsett møteplan for kontrollutvalet. Kontrollutvalet sine møte er opne. Lukking av møta må skje etter gjeldande lovverk.

Møteinnkalling vert sendt ut ei veke før møte til medlemane i utvalet, med kopi til ordførar, rådmann, revisor og varamedlemar.

Møta vert i utgangspunktet avvikla på kommunehuset, men kan leggest til andre stader når kontrollutvalet finn dette formålstenleg.

Kontrollutvalet gjer alle sine vedtak i møte. Det vert ført protokoll frå møta i utvalet. Protokollen vert godkjent i møtet. Protokollen vert sendt utvalsmedlemene, varamedlemene, revisor, ordførar og rådmann i etterkant av møta på e-post. Protokollen vert lagt ut på heimesida til kommunen og sekretariatet.

Melding om vedtak i kontrollutvalet vert sendt til rett instans i etterkant av møta.

Utvalet kan avvikle ekstraordinære møte når det er behov for det. Leiaren tek avgjerd om ekstraordinært møte skal gjennomførast.

Innkalling til ekstraordinære møte kan skje med kortare, men høveleg varsel enn for ordinære møte.

I særlege tilfelle kan utvalet gjennomføre kontrollutvalsmøtet som videokonferanse, telefonmøte eller på liknande måte, men det må sikrast at sakene får ein forsvarleg handsaming og at omsynet til ope møte kan ivaretakast.

Rådmannen eller tilsett i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål om faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold. Rådmannen skal alltid orienterast dersom tilsette vert kalla inn til utvalet.

Kontrollutvalet eller einskildmedlemar av utvalet kan delta i andre møte, studiereiser, synfaringar, konferansar og samlingar m.v som eit ledd i tilsynsansvaret, og få dekning av tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter m.v etter kommunen sine reglar for slik deltaking. Kontrollutvalet fastset sjølv omfanget innanfor eige budsjett.

§ 5 Møte- og talerett

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Ansvarleg revisor, eller den han peikar ut, har møte- og talerett i kontrollutvalet.

Kontrollutvalsleiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret i samband med handsaming av saker lagt fram av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har høve til å møte i representantskapsmøte og generalforsamlingar til selskap som er 100% kommunalt eigde og som kommunen eig eller er medeigar i. Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta.

§ 6 Sekretariat

Kontrollutvalet skal ha ei eiga sekretariatsordning som er tilpassa utvalet sitt behov. Sekretariatet skal ha kompetanse til å støtte kontrollutvalet på alle funksjonsområda til utvalet.

Sekretariatsfunksjonen kan ikkje leggst til kommunen sin administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgåver for kommunen kan ikkje utøve sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet. Det same gjeld medlemmar av kontrollutvalet eller kommunestyret.

Tilsette i sekretariatet skal vere uavhengig av administrasjonen i kommunen og uavhengig til kommunen sine revisorar.

Kommunestyret fastset kva sekretariatsordning kontrollutvalet skal ha etter tilråding frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine oppgåver

Sekretariatet skal sjå til at dei saker som skal handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og gjev tilråding til utvalet i sakene.

Sekretariatet sørgjer for innkalling og føring av møtebok i samband med møta i kontrollutvalet.

Sekretariatet skal sjå til at kontrollutvalet sine vedtak, og kommunestyret sine vedtak i saker som kontrollutvalet fremjar for kommunestyret, vert effektuerte.

Sekretariatet skal følgje opp at saker som gjeld kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver etter lov og forskrift vert ivareteke og forsvarleg løyste. Kontrollutvalet kan leggje andre arbeidsoppgåver til sekretariatet i den grad lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

Sekretariatet har fullmakt til å ta avgjerd i samråd med leiar i saker som er kurante der det haster med ei avgjerd med melding til utvalet i neste møte.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, tinge ekstraordinære kontrollhandlingar når det haster å få sett i gang kontrollen.

Sekretariatet kan, i samråd med leiar, kalle inn til ekstraordinært møte i kontrollutvalet når dette er naudsynt.

§ 7 Revisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet kan evaluere revisjonsordninga og tilpasse denne til lovmessige krav og kommunestyret sitt tilsynsbehov.

Kontrollutvalet legg opp til revisjonsordning tilpassa kommunestyret sitt tilsynsbehov. Kommunestyret vedtek revisjonsordning og val av revisor etter tilråding frå kontrollutvalet.

Vedteke av kommunestyret 26.1.2015 sak
008/15

Dato: 02.02.2015
Vår referanse: 15/7
Arkiv: FE-033

Reglement for høyringar i Fjaler kontrollutval

§ 1. Verkeområde og føremål

1. Kontrollutvalet kan halde høyringar innan sitt ansvarsområde. Med høyring vert meint eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bedne om å møte for å få belyst ei spesiell sak eller eit saksområde.
2. Føremålet med reglementet er å sikre kontrollutvalet og kommunestyret sitt informasjonsbehov i kontrollsaker og ei god framdrift i høyringa, samtidig som omsynet til dei innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
3. Kontrollutvalet sine høyringar skal haldast i tråd med dette reglementet.

§ 2. Førebuing av høyring

1. Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal bestemme at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal bestemme at heile eller deler av høyringa skal vere lukka. Avgjerda om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må grunngjevast med gyldig lovheimel.
2. Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet ha ein forventning om kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.
3. Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilde saksførebuaende møte. Kontrollutvalet bør gå gjennom dei problemstillingane som ein ønskjer å belyse, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som er naudsynt å innhente for gjennomføringa. Vidare bør det fastsetjast ein framdriftsplan for høyringa.
4. Under dei saksførebuaende møta bestemmer kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudutspørjar under høyringa, jf § 4 tredje ledd. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudutspørjar, også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemar. Valet av hovudutspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka allsidig belyst.

§ 3. Den innkalla si stilling

1. Rådmannen har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan kallast inn direkte for å møte i høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og gjevast høve

til å vere til stades. Spørsmål stillast direkte til den innkalla, men rådmannen skal gjevast høve til å supplere forklaringa om ønskjeleg.

2. Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.
3. Den som kallast inn / inviterast til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogeleg. Innkallinga skal opplyse om den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglement skal leggjast ved. Det skal vidare opplysast om at høyringa skal vere open, og om at det skal skrivast referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument med mindre reglar om unntak frå offentleg innsyn / teieplikt tilseier noko anna.
4. Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er underlagt lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få forklare seg heilt eller delvis for lukka dører. Dersom eit slikt spørsmål kjem opp, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.
5. Den innkalla skal ha høve til å peike ut ein person som vedkomande møter saman med. Den innkalla har rett til å konferere med denne personen før svar på spørsmål. Dersom møteleiar gir høve til dette, kan også denne personen supplere forklaringa til den innkalla. Dersom den som møter saman med den innkalla krev honorar, må dekking av slike utgifter avklarast på førehand.

§ 4. Gjennomføring av høyringa

1. Kontrollutvalet sin leiar skal innleiingsvis orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrar som gjeld. Leiaren ser til at spørsmåla held seg innanfor det tema som er oppgitt, og at den innkalla sin rettstryggleik vert ivareteken.
2. Før kontrollutvalet startar utspørjinga, skal den innkalla gjevast inntil 10 minutt til å gi sin versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i den grad det vert sett på som naudsynt for å opplyse saka.
3. Høyringa vert innleia med at den valde hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølgje dei ber om dette. Etter at utspørjinga er ferdig, skal den innkalla gjevast høve til å gi ein kort sluttkommentar.
4. Meiningsutveksling mellom kontrollutvalet sine medlemar skal ikkje finne stad under høyringa. Medlemene skal heller ikkje kommentere dei svar som vert gjevne, anna enn der dette går inn som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmande åtferd eller spørsmål er ikkje tillate. Dette skal påtalast av møteleiar.
5. Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa vert avbroten for at kontrollutvalet skal behandle den vidare framdrifta, inkludert framlegg om at høyringa skal avsluttast eller halde fram for lukka dører. Kontrollutvalet kan berre ta mot teiepliktbelagde opplysningar for lukka dører. Under open høyring må kontrollutvalet sine medlemar ikkje gjengi eller vise til opplysningar som er underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

§ 5. Etterarbeid

1. Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal gjevast høve til å uttale seg til rapporten, jf koml § 77 nr 6. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.
2. Rapporten vert send over til kommunestyret for slutthandsaming, med innstilling frå kontrollutvalet.
- 1.

Kontrollutvalet

2015 – 2019

Oppstartmøte

Førebels presentasjon

Målet i dag...

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
 - Medlemane, revisjonen og sekretariatet blir kjende med kvarandre
 - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
 - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!

Kva er eit kontrollutval?


- Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap for tilsyn og kontroll med kommunen si verksemd.
 - Ein velfungerande eigenkontroll er med på å sikre effektiv og rett bruk av ressursane og styrkjer tilliten til kommunen.
 - Saman med kommunestyret, revisor og administrasjonen er utvalet såleis ein viktig aktør i kommunen sin eigenkontroll.

Meir om kontrollutvalet..

- Dette blir berre ein aldri så liten forsmak 😊
- Sett av måndag 25. januar 2016!
 - Fylkessamling i regi av Sogn og Fjordane kommunerevisorforening
 - Thon Hotel Jølster (Skei hotel)

Kontrollinjer frå kommunestyret

(Frå Kontrollutvalsboka)



Møta i utvalet

- Sekretariatet avklarar saklista med leiar før utsending og den kjem til medlemmane ca 7 dagar før møtet.
- Sakliste og møtebok ligg også på www.sekom.no/kontrollutval/.
- Gjennomføring av møta treng ikkje vere veldig formell, og det er rom for å «finne si eiga form». Det bør vere tydeleg når ein byrjar på handsaming av ei ny sak, og sjølv avrøystinga.
- Møta er opne og gjennomføringa bør såleis vere ryddig og oversiktleg også for eventuelle tilhøyrarar. Sjå meir i [KS-heftet «Møtet er satt»](#).

Innhald i møta

- Handsaming av saker
- Informasjon om skriv og meldingar
- Informasjonssaker. Til dømes kan KU invitere rådmannen eller andre til å gi informasjon.
 - Kan vere både generell informasjon om saksfelt og konkret informasjon t.d. oppfølging av tilsyn.
- Synfaringar ved kommunale einingar, kommunale føretak, selskap mm?
- Møta vert avslutta med underskriving av møtebok.

Opne møte

- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle som ønskjer (Same hovudregel som andre folkevalde organ).
- Eventuell lukking av møte må vedtakast i kvar sak og ha heimel i lovverket.
- SEKOM har laga rutine for handsaming av spørsmål om lukking av møte.
 - Sjå nettsida under [«Til hjelp for kontrollutvala»](#)

Habilitet

- Det er medlemmane sjølv som tek opp spørsmål om habilitet.
- Dette vert gjort straks leiaren har opna for handsaming av den aktuelle saka.
- Sjå rutiner med klipp frå lovheimlar på SEKOMB si nettside [«Til hjelp for kontrollutvala»](#)

Møterett i kontrollutvalet

- Revisjonssjef og ordfører har møte- og talerett i kontrollutvalet med heimel i kommunelova.
 - Revisjonssjef eller annan revisor vil som hovudregel delta i kontrollutvalet sine møte.
 - Sekretariatet meiner det er nyttig om ordfører også deltek på møta.
- Rådmannen vert innkalla i konkrete saker.
 - I overordna saker, møter rådmannen personleg (evt saman med andre), medan det i andre saker kan vere at andre møter på rådmannen sine vegner.
- SEKOM rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med ordfører og rådmann i starten av valperioden.

Revisor

- Kommunane sine revisorar er viktige kjelder og premissleverandørar i kontrollutvalet sitt arbeid.
- Kommunane i SEKOM-sekretariat sitt område, har 2 ulike interkommunale revisjonsselskap:
 - Kommunerevisjonen i Nordfjord i Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal. Revisjonssjef Markvard Sunde
 - KRYSS Revisjon i ytre Sogn og Sunnfjord (11 kommunar). Revisjonssjef Terje Førde
- Begge selskapa leverer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Kontakt med kommunestyret / bystyret

- Sekretariatet rår til at kontrollutvalsleiar deltek i kommunestyret i saker frå utvalet.
 - Det er fint om leiaren får ordet først i slike saker for å seie litt om innhaldet i saka og kontrollutvalet si handsaming (avklar deltaking med ordførar).
 - Dette gir nyttig og god informasjon til kommunestyret, og det er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- Kommunestyret kan også ønskje å gi tilbakemeldingar og signal til kontrollutvalet eller be om utfyllande informasjon.

Opplæring og konferansar

- Det blir felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket tidleg i 2016.
- Sekretariatet og revisor legg opp opplæring gjennom perioden i samråd med utvalet. Dette kan vere generell informasjon eller spesifikk kunnskap innan avgrensa område.
- Sekretariatet rår til at ein eller fleire frå utvalet deltek på årlege konferansar for kontrollutval. Dei mest aktuelle er
 - Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse ca juni
 - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse ca februar.

[illegible]

[illegible]

[illegible]

Til hjelp i utvalsarbeidet

- Menyen «Til hjelp for kontrollutvala» på SEKOM-sekretariat si nettside. Her finn de mellom anna
 - Kontrollutvalsboka (2011). KMD har lova oppdatert utgåve ca november 2015
 - Reglement for kontrollutvala
 - Lover og forskrifter
 - Rettleiarar
 - Informasjon frå SEKOM-sekretariat
 - Med meir

SEKOM-sekretariat

- Sekretariatet er kontrollutvalet sitt organ for saksførebuing, utgreiing og oppfølging av saker.
- SEKOM-sekretariat er kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn.
- Sekretariatet er uavhengig både av revisor og kommuneadministrasjonen.
- Vi er 2 tilsette som deler på sekretariatsfunksjon og andre oppgåver:
 - Dagleg leiar Arnar Helgheim har hovudansvaret for kontrollutvala i
 - Bremanger, Eid, Gaular, Flora, Hornindal, Hyllestad og Naustdal. Har også ansvar for sakshandsaming og oppfølging knytt til styret og arbeidsutvalet i SEKOM-sekretariat.
 - Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme har hovudansvaret for kontrollutvala i
 - Askvoll, Fjaler, Førde, Gloppen, Gulen, Jølster, Solund og Stryn.

Sekretariatet si rolle i møta

- Syter for innkalling, sakliste og møtebok
 - Bidrar med praktisk hjelp og råd om framdrift, formalitetar osv.
 - Utvalet kan spørje den som representerer sekretariatet om råd og informasjon.
 - Sekretariatet ber også om ordet dersom vi trur det trengs til dømes avklaring av formalitetar.
- Sekretariatet prøvar å tilpasse vår medverknad i tråd med ønskjer frå kvart utval og gjerne etter drøfting med leiaren.

www.sekom.no

- SEKOM-sekretariat har eiga nettside der de finn:
 - Møteplan
 - Saklister og møtebøker
 - Reglement for kontrollutvala
 - Arbeidsplan og informasjon frå SEKOM-sekretariat
 - Postjournal for alle 15 kontrollutvala
 - Alt som er offentleg er tilgjengeleg for nedlasting
 - Lenker til annan informasjon

Meir om kontrollutvalet..

- **25.1.2016 på Skei (Thon Hotel Jølster):**
 - Felles opplæring for alle kontrollutvala i Sogn og Fjordane
- Arrangør
 - Sogn og Fjordane Kommunerevisorforening
- Vi håpar alle kontrollutvalsmedlemene har høve til å delta på samlinga!

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 034/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/221
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om korleis Fjaler kommune føl opp - Eigarpolitikk som eigar i selskap

Vedlegg:

Dok.dato 20.10.2015	Tittel Fjaler kommune - eigarpolitikk som eigar i selskap	Dok.ID 3311
-------------------------------	---	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Fjaler kontrollutval tek informasjonen frå rådmannen om korleis Fjaler kommune føl opp Eigarpolitikk som eigar i selskap, til orientering.

.

Saksutgreiing:

Fjaler kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 027/15 handsama i møte 29.9.2015:

Kontrollutvalet tek revisjonsrapport datert 21.9.2015 frå KRYSS Revisjon – Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi as og Vegang Produksjon as, til orientering.

Kontrollutvalet ber rådmannen om å informere på neste møte i kontrollutvalet om korleis dei føl opp Fjaler kommune sin Eigarpolitikk som eigar i selskap.

SEKOM-sekretariat sende vedtaket til Fjaler kommune v/rådmannen 29.9.2015, det vart også opplyst at neste møte skulle vere 30. oktober.

FJALER KOMMUNE

EIGARPOLITIKK SOM EIGAR I SELSKAP

	DEL 1	
1	BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA	
1.1	Motiv og mål for offentlig eigarskap	
2	GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP	
2.1	Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.	
2.2	Utarbeiding av eigarskapsmeldingar	
2.3	Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter	
2.4	Vurderingar og val av selskapsform	
2.5	Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd	
3	ARBEIDSFORMA FOR POLITISK OG ADMINISTRATIV UTØVING AV EIGARROLLA	
3.1	Rolla til dei valde representantane	
3.2	Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet	
3.3	Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune	
4	OMFANGET AV DET KOMMUNALE EIGARSKAPET	
4.1	Selskapet	
4.2	Avgrensingar i eigarskapen	
	DEL II	
	Omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.	

Vedteken i kommunestyre 17.12.12 – sak .../12

DEL 1 EIGARPOLITIKK

1. BAKGRUNNEN FOR EIGARMELDINGA

Kommunestyret vel representantar til styre og representantskap i selskap kor ein har eigarinteresser.

Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune heilt eller som part etablerar eit selskap, men slik som utviklinga er på dei fleste område blir det stilt store krav til profesjonalitet i utøving av eigarskap.

Eit aktivt eigarskap er grunnleggande for ein best mogleg lokalpolitisk forvaltning av dei samla verdiar og har direkte konsekvens for verksemdene, deira disponeringar og marknadsposisjon.

Det er viktig at kommunen for å kunne utøve eit profesjonelt eigarskap, har eit medvete forhold til føremål, generelt om verksemda til selskapet, økonomiske utvikling, framtidig utvikling og målet med kommunen sin eigarskap.

Det er og viktig at den enkelte representant som blir valt til å representere kommunen er sitt ansvar bevisst i mellom anna føremål med kommunalt eigarskap.

Ein eigarskapsmelding vil sikre nødvendige styringssignal til selskapa, tydeleggjere lokalpolitikarane sitt ansvar og som resultat av dette styrke kommunen sitt omdømme.

1.1 Motiv og mål for offentleg eigarskap

Ein eller fleire av desse fem kategoriane nedanfor skal leggjast til grunn for utforming av mål og motiv for selskapa som kommunen eig eller er medeigar i:

- Finansielt motivert
- Politisk motivert
- Effektivisering av tenesteproduksjon
- Samfunnsøkonomisk motivert
- Regionalpolitisk posisjonering

2 GRUNNLAG FOR GODT OFFENTLEG EIGARSKAP

Følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for Fjaler kommune si eigarskapspolitiske plattform, her under eigarstyring, leing av verksemd og kontroll

2.1 Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde.

Kommunen bør som ein del av folkevaldopplæring gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for alle folkevalde i dei ulike aspekta i samband med eigarstyring i løpet av det fyrste året av valperioden.

2.2 Utarbeiding av eigarskapsmeldingar

Eigarskapsmeldinga er eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt eller et anna interkommunalt organ.

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler har eigarinteresse i.

- 1) Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret
- 2) Årsmelding og årsrekneskap frå selskapa vert lagd fram for kommunestyret
- 3) Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er:
 - a) Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra
 - b) Økonomisk utvikling og viktige hendingar (jfr. årsberetning)
 - c) Mål og prinsipp for kommunen sitt eigarskap i selskapet
 - d) Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg
- 4) Anna viktig informasjon for å ivareta openheit og meiroffentlegheit:
 - a) Kven som er styremedlem samt registrering i www.styrevervregisteret.no
 - b) Styrehonorar – som reflektere ansvaret, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.
 - c) Kven som er revisor
 - d) Eigarandel

2.3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtaler/vedtekter

Selskapa si verksemd/virke skal komme klart fram av vedtektene/selskapsavtalen. Innan for rammene av vedtektene/selskapsavtalen skal selskapet ha definert klare mål og strategiar.

1. Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvar sitt

- a. Det bør utarbeidast og jamleg reviderast etiske retningslinjer.
- b. Sjølvstendige verksemder bør søke medlemskap i ein arbeidsgjevarorganisasjon.
- c. Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp

2. Eigarane skal handsamast likt

- a. Selskapet skal gi dekkjande informasjon i god tid om saker som er til handsaming. Saksdokumenta bør vere utførlege nok til at eigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast.
- b. I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling sendast ut minst fire veker før generalforsamlinga.
- c. For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representant-skapsmøtet sendast minst fire veker før møtet.

3. Opningsbalansen skal vere tilpassa formålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.

- a. Finansieringa av selskapet må tilpassast type verksemd.
- b. Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil.
- c. Selskapet bør ha ein strategi på kapitalbinding – stor kapital er vanlegvis ikkje ynskjeleg for kommunen.
- d. Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga, og skal vere rimelege. Hovudprinsippet bør vere at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår.
- e. Vedtekter eller selskapsavtale bør tydeleg vise om selskapet skal utføre oppgåvene sjølv eller om dei skal eksponerast for konkurranse.
- f. Ved leveranse av tenestar frå selskapet til eigarkommunane bør det stillast krav om tenesteavtalar.
- g. Det er naturleg at eigar måler resultat ved avkastning på den kapitalen som selskapet forvaltar, kor tilfredse kundane er og HMS tilhøve, samt krav til likestilling i høve til styrande organ.
- h. Det bør utgreiast ein klar utbyttepolitikk. I selskap med næringsdrift, bør ein offentleg eigar stille dei same krava til avkastning på investert kapital som det ein privat eigar vil gjere.

4. Styret skal ha nødvendig kompetanse, kapasitet og mangfald.

- a. Samansetjing av styret må ein sjå i forhold til formål.
- b. Det er viktig at styret vert vald ut frå selskapet sitt behov, vedkommande sin kompetanse og styret si totale samansetjing.

- c. I selskap med betydelege sektorpolitiske mål bør det vurderast konkret om medlemmar i styret bør vere nært knytte til kommunen si politiske og administrative leing.
- d. Same person skal ikkje sitje i både generalforsamling og styre i eit selskap.
- e. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret skal det etablerast rutinar som ein del av styrets rammer:
 - a) Avklaring av roller ansvar og oppgåver,
 - b) Krav til kompetanse
 - c) Styreevaluering og årsplanlegging med fokus på mål, strategi og gjennomføring.
 - d) Rapportering til eigar – årsrapportering.
- f. Oppnemning av vararepresentantar bør vere numerisk og ikkje personleg vara gitt utifrå behovet for å kontinuitet og kompetanse.
- g. Habilitet. Nye reglar. Ein bør unngå situasjonar der styrets medlem blir vurdert i forhold til forvaltningslova sine reglar om habilitet.
 - a) Etter kommunelova § 72.1 kan ikkje administrasjonssjef og ordførar sitte i føretaksstyra (frå 1.1.10).
 - b) Etter forvaltningslova §6 kan ingen kommunalt tilsette eller folkevalte handtere saker i kommunen som gjelder eit selskap der dei sjølv er styremedlemmar, også der selskapa er fullt ut offentleg eigde.(Trer i kraft frå 1.11.11)
- h. Kjønnrepresentasjon. Kommuneleova § 80a Stiller krav om Kjønnrepresentasjon i styra i samsvar med Aksjelova §20-6

5. Valnemnd i aksjeselskap og interkommunale selskap

- a. For aksjeselskap og interkommunale selskap bør det vedtektsfestast bruk av valnemnd for å sikre samansetjing av styre med kompetanse i tråd med eigars formål med verksemda.
- b. Valnemnda bør gjenspegle eigarsitsen og fleirtalet av nemnda bør vere uavhengig av styret og tilsette.
- c. Valnemnda si innstilling skal grunngjevast.

6. Styret skal uavhengig av grunnlag ha ein aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressursituasjon. Styret bør:

- a. Leggje til rette for god dialog på generalforsamling/representantskapen mellom eigarar, styret og leiinga.
- b. Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med særleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- c. Utarbeide plan for eige arbeid og eigen kompetanseutvikling samt evaluere verksemda si.
- d. Nye styremedlemer må lærast opp til kva ansvar og rolle dei har.

I tillegg til prinsippa ovanfor om godt eigarskap, gjeld dette:

Politisk vedtatt eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamling og representantskap. I alle selskap vert det stilt krav om at sakliste og saksdokument til representantskapet, generalforsamling eller andre eigarorgan i selskapet skal sendast ut minimum 30 dagar før møtet. Dokumenta skal sendast til ordførar, valde representantar og rådmann. Når fleire kommunar i fellesskap eig eit selskap, bør eit særskilt ansvar for oppfølging av selskapet fordelast mellom rådmennene. Den som har koordineringsansvaret for eit selskap, har som oppgåve å følgje med i selskapet sin aktivitet gjennom året og ta initiativ til felles drøfting av sakene før eigarmøta. Føremålet med ei slik arbeidsdeling er også at rådmennene i større grad skal kunne hjelpe ordførar og valde representantar i forkant av eigarmøta.

2.4 Vurderingar og val av selskapsform

Det er eigaren sitt ansvar å sikre ein selskapsform som er tilpassa verksemda sitt formål, eigarstyringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverket. Før eit selskap vert danna, bør det analyserast kva eigar ynskjer å oppnå ved å opprette eit selskap framfor ei meir tradisjonell etatsorientering. Tilsvarende analyse bør gjerast når eigarstrategien skal utarbeidast.

Kommunane har følgjande muligheiter:

1. Aksjeselskap, etter aksjeloven. Generalforsamlinga er øvste organ.
2. Interkommunalt selskap (IKS), etter lov om interkommunale selskap. Representantskapen er øvste organ.

For begge desse selskapsformene blir det stilt krav til styring gjennom etablering av formelle styringsorgan som sikrar selskapa nødvendig autonomi for å fungere som sjølvstendige rettssubjekt. Kommunestyret overfører mynde til å utøve styringa til eigarorganet.

3. Kommunalt foretak etter kommunelova kap 11.

Der kommunen ynskjer å gi verksemda ein nok omeir sjølvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen kan den etablere eit styre etter kommunelovas kap. 11. Kommunestyret er øvste organ.

4. Interkommunale samarbeid/styre etter kommunelova §27

Kommunane står fritt til å samarbeide på ulike områder utan at det er overdratt beslutningsmyndigheit eller representasjonskompetanse ved bruk av klova §27. Avhengig av kor mykje mynde som blir overført til styret, er enkelte av verksemdene å rekne som sjølvstendige rettssubjekt.

5. Stiftingar etter Stiftelseslova av 2001

Oppretterne står fritt til å fastsette formålet, og stiftelsen er eit sjølvstendig rettssubjekt. Stiftelsar har til forskjell frå dei øvrige ingen eigarar. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsretten gjere krav på del i stiftinga sitt overskot. Er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

2.5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd

Sjølv om konkurranselova ikkje har lovfesta at man skal dele frå verksemdar som driv i konkurranse med det private frå monopolverksemd, blir det anbefalt at dette blir gjort der det er mogleg for å unngå rolleblending. Unntak bør berre gjerast der det kan synleggjerast samdriftsfordelar som tilseie at man har felles organisering.

3 Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla

Følgjande reglar og arbeidsformer skal brukast i eigarstyringa.

3.1 Rolla til dei valde representantane

- a) Dei valde representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom å delta aktivt i selskapet sine organ.
- b) Oppgåver i styret vert løyste til beste for selskapet si utvikling og i samsvar med styreinstruks og eigarkrav.
- c) I enkeltsaker av prinsipiell og stor betydning kan formannskapet instruere representantane.

3.2 Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapet

Før møte i eit selskap skal dei valde representante i Fjaler kunne få politiske avklaringar. Dette gjeld generelt og i saker av uvanleg art eller stor betydning spesielt. Dette skjer på følgjande måte:

Dersom ein representant melder inn ei sak eller emne før møte i Formannskapet, vurderar ordføraren dette og hentar eventuelt inn råd frå gruppeleiarane og/eller rådmann. Det blir tatt opp sak i Formannskapet enten i opent eller lukka møte, og representantskapen får svar om kommunen sitt råd/syn. Ei slik sak bør meldast til ordførar minst ei veke før møte i Formannskapet.

Dersom ein representant melder inn spørsmål til oppklaring, er det tilstrekkeleg at rådmannen vurderer dette og gir svar til representanten om kommunen sitt råd/syn.

3.3 Rapportering om utviklinga av eigarstrategien for Fjaler kommune

Kvart år bør det leggjast fram ei sak på eit kommunestyremøte etter sommaren med rapportar frå alle selskapa som Fjaler kommune har eigarinteresse i.

- a. Kommunen sin samla eigarstrategi vert utforma og følgt opp av kommunestyret.
- b. Årsrapport og årsrekneskap frå selskapa vert lagde fram for kommunestyret.
- c. Viktige spørsmål å drøfte i forhold til selskapa er
 - Har kommunen ein tydeleg eigarstrategi
 - Stemmer eigarstrategien med dagens formål?
 - Er kommune sitt engasjement framleis gyldig?
 - Er drifta i selskapet i samsvar med selskapet sitt formål?
 - Korleis er selskapet si økonomiske stilling m.m.?

4 Omfanget av det kommunale eigarskapet

4.1 Selskapa

Fjaler kommune har pr. 2010 eigarskap i 10 aksjeselskap. Av aksjeselskapa er Vevang produksjon heileigd av Fjaler kommune, dei andre er eigd anten i lag med kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette og eigarprosenten varierar frå 3,95% til 100%

Aksjeselskapa er desse:

Vevang produksjon AS, Transplant Eigedom AS, Lutelandet Utvikling AS, Haugland Internasjonale FoU Selskap AS, Sunn Lab AS, Firda Produkt AS, Sunnfjord Energi AS, Firda Billag AS (omdanna frå IKS – i løpet av 2010), Dale utleigebygg AS, Haugland Rehabiliteringssenter AS, Visit Fjordkysten AS, Kystvegen Måløy-Florø AS

Dei interkommunale selskapa (IKS) er:

SYS IKL, Alarmsentralen i S&Fj IKS, Sunnfjord Miljøverk IKS,

Fjaler kommune er med på følgjande interkommunale samarbeid (etter kommunelova sin §27 – eigne rettssubjekt)

Kryss revisjon, Sekom-Sekretariat, SYS IKT, Alden hamneområde

Fjaler kommune er medstiftar i følgjande stiftingar Røde Kors Nordisk United World College, Stiftinga Jensbua.

Andre selskap: Fjaler Næringsutvikling – medlemsorganisasjon. Fjalerhallen driftsselskapet – foreining/lag/innretning, Foreningen Vest Norges Brusselkontor

Når det gjelder stiftingane er det ikkje tale om eigarskap sidan stiftingane eig seg sjølv. Stiftingane fell difor utanfor eigarskapsproblematikken. Stiftinga har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøve mynde. Det kan likevel vere ønskjeleg å få utvikle ein strategi for kommunen si eventuelle deltaking ved oppretting av nye stiftingar. Stiftelsar er ikkje anbefalt for verksemdar som krev eigarstyring.

4.2 Avgrensingar i eigarskapen

Sidan kommunen sin eigarprosent varierar frå 100% til under 1% (< 1000,- i AK) har vi valt å avgrense talet på selskap.

Dette gjelder følgjande postar: Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS – aksjekapital < 1%.

Andre verksemdar som ikkje er teke med i vurderinga er:

Hagehola burettslag, Longehogen burettslag,

Del II VURDERING AV SELSKAP OG EIGARSKAP

Del av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommune har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap.

Følgjande mal ligg til grunn for vurdering av selskap og eigarskap:

Fjaler sin eigardel

Styret

Styregodtgjerlse m.v.

Revisor

Formål, marknad, kundar, aktivitet m.v.

Viktige hendingar i 20xx

Økonomisk utvikling

(kr. 1000,-)	20xx	20xx	20xx
Sum inntekt			
Resultat etter skatt			
Totalkapitalrentabilitet			
Gjeldsgrad (gjeld/EK)			
Likviditetsgrad			
Eigenkapitalprosent			

Økonomiparametra blir vurdert utifrå følgjande norm:

	Ikkje tilfredsstill.	Svak	Tilfredsstill.	God	Meget god
Resultat av drift	< 0%	0-2%	3-4%	5-7%	> 7%
Totalrentabilitet	< 1%	1-5,99%	6-10%	10-15%	> 15%
Likvidetsgrad (oml/kg)	< 0,5	0,5-0,99	1-1,49	1,5-2	> 2%
Eigenkapitalgrad (ek/t)	< 3%	3-9%	10-17%	18-40%	> 40%
Gjeldsgrad (sum g/ek)	> 20	20-8	7-3	2-1	< 1

Aktuelle planar og utsikter for dei kommande åra

Mål for kommunen sitt eigarskap i selskapet

Er kommunalt eigarskap framleis føremålsteneleg

Tilråding:

OVERSIKT OVER VERKSEMDER - EIGARDEL OG VERV

AS

tal i 1000

Selskap	Stifta	Eigardel	Andel aks	Styremedlem	Representantar
Sunnfjord Energi AS	1914	10,82 %	21 640	Mass K. Myklebust	Arve Helle
Firda Billag AS	1920	6 %	600	ingen	Arve Helle
SunnLab AS	2003	10 %	167	ingen	Arve Helle
Lutelandet Utvikling AS	2005	34 %	578	Arve Helle (nestleiar)	Arve Helle
Haugland Internasjonale FOU Selskap AS	1995/2005	33,77 %	51	Arve Helle og Linda Hovland	Arve Helle
Transplant Eigedom AS	2006	34,88 %	600	Ingeborg Tysnes, Yngve Åsnes	Arve Helle
Vevang produksjon AS	1990	100 %	100	Øystein Våge, Kjetil Felde (Anior F. Naustdal 31.12.11)	Formannskapet
Firda Produkt AS	1986	5 %	25	ingen	Arve Helle
Dale Utleigebygg AS	1986	3,95	25	ingen	Arve Helle
Visit Fjordkysten AS	2009	6,00 %	36	Linda Hovland	
Kystevegen Måløy - Florø AS	2012	3,47 %	25	ingen	

IKS

Sunnfjord Miljøverk IKS	1992	folketalet		Stig Moltumyr (Erling Hjelle til 31.12.11)	Mette Kvamme/Harald Vik (repr.skap)
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS	2003	2,81 %		ingen	Edvin Bøthun
SYS IKL	2009	folketalet		Arve Helle (leiar)	Jan Ulltang (representantskap)

INTERKOMMUNALE SAMARBEID etter kommunelova §27

Namn	komm.l.	Fordeling		Styremedlem
KRYSS revisjon	2005	ressursbruk		Geir Tessem (Magnar Vagstad til 31.12.11)
SEKOM - sekret.	2004	ressursbruk		Magne Nordal (Jofred Åsnes til 31.12.11)
SYS-IKT	2005	folketal/fast		Ola Hovland
Alden hamneområde	2011	andel/fast		Gudmund Solheim (eigarrepresentant)

ANDRE SELSKAP

Fjaler Næringsutvikling (FNU)	2000	medl.organisasj		Arve Helle, Odd Helge Aase	Arve Helle
Dingemoen idrettspark - Fjalerhallen	1995	Forening		Anita Nyland Skaar, Frank Vik	Kommunestyret
Vest Norges Brusselkontor	2009	Forening		Arve Helle	
Hagehola burettslag				Øivind Helle	Arve Helle
Longehoge Burettslag					Arve Helle
Stiftinga Jensbua		stifting		Linda Hovland (FNU)	
Røde Kors Nordisk United World College		stifting			Arve Helle

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 035/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/308
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
23/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	6.11.2009	- Orientering frå rådmannen om dei ulike driftsområda - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå Fylkesmannen og andre - Orientering frå revisor om finansiell revisjon og generelt - Revisor legge fram rapportar etter kvalitetskontrollar.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Gjennomgang av eigarskapspolitikk i Fjaler kommune	12.11.2014 12.1.2015 12.1.2015 22.1.2015 12.2.2015	Sak 031/14: Saka vart utsett Sak 004/15 vedtak: Fjaler kontrollutval vel gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av KRYSS Revisjon. Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap. Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte. Sendt vedtak til KRYSS Revisjon. Svarbrev frå KRYSS Revisjon der revisor ber om avklaringar Sak 013/15 vedtak: Fjaler kontrollutval vel ut Sunnfjord Energi AS og Vevang Produksjon AS, ved gjennomgang av eigarskapspolitikk for Fjaler kommune, som ein revisjonsrapport frå KRYSS Revisjon.

Sak	Dato	Status																								
	8.5.2015 11.5.2015 29.9.2015	Revisor for fullmakt til å velje ut fleire selskap. Undersøkinga gjeld perioden 2013-2014. Korleis utøver den enkelte representant si rolle i høve til kommunen si interesse i selskapet. Jamfør punkt 3. Arbeidsforma for politiske og administrativ utøving av eigarrolla, i Fjaler kommune sin eigarpolitikk som eigar i selskap. Kontrollutvalet ber KRYSS Revisjon legge fram prosjektplan på neste møte. Vedtak sendt KRYSS Revisjon, frist for prosjektplan 24. april. Sak 021/15 Prosjektplanen vart godkjent. Frist for levering 1.9. Sendt til KRYSS Revisjon. Sak 027/15 vedtak: Kontrollutvalet tek revisjonsrapport datert 21.9.2015 frå KRYSS Revisjon – Eigarskapspolitisk gjennomgang i Sunnfjord Energi as og Vegang Produksjon as, til orientering. Kontrollutvalet ber rådmannen om å informere på neste møte i kontrollutvalet om korleis dei føl opp Fjaler kommune sin Eigarpolitikk som eigar i selskap. Sendt til Fjaler kommune/rådmannen																								
006/15 Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval	12.1.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Fjaler kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 12. januar, 8 mai, 10. september og 30. oktober.(ekstramøte 12.2) Bestilt møterom for resten av året																								
022/15 Tinging av overordna analyse	8.5.2015 11.5.2015 22.6.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Fjaler kommune frå KRYSS Revisjon. Sendt til KRYSS Revisjon. Brev/info om spørjeundersøking til kommunestyret og kontrollutvalet referert i kommunestyret KOM-045/15																								
028/15 Budsjett for Fjaler kontrollutval 2016	29.9.2015	Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051: <table border="1"> <thead> <tr> <th>Konto</th><th>Tekst</th><th>Sum 2016</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>10800</td><td>Godtgjersle folkevalde</td><td>20 000</td></tr> <tr> <td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>2 500</td></tr> <tr> <td>11303</td><td>Telefon</td><td>1 500</td></tr> <tr> <td>11600</td><td>Skyss og diettgodtgjersle</td><td>5 000</td></tr> <tr> <td>11500</td><td>Opplæring, kurs, seminar</td><td>20 000</td></tr> <tr> <td>11959</td><td>Kontingent FKT</td><td>1 500</td></tr> <tr> <td></td><td>Samla drift kontrollutvalet</td><td>50 500</td></tr> </tbody> </table> Sendt til Fjaler kommune/kommunestyret for vidare handsaming.	Konto	Tekst	Sum 2016	10800	Godtgjersle folkevalde	20 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	2 500	11303	Telefon	1 500	11600	Skyss og diettgodtgjersle	5 000	11500	Opplæring, kurs, seminar	20 000	11959	Kontingent FKT	1 500		Samla drift kontrollutvalet	50 500
Konto	Tekst	Sum 2016																								
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000																								
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 500																								
11303	Telefon	1 500																								
11600	Skyss og diettgodtgjersle	5 000																								
11500	Opplæring, kurs, seminar	20 000																								
11959	Kontingent FKT	1 500																								
	Samla drift kontrollutvalet	50 500																								

SEKOM-sekretariat

Saksgang Fjaler kontrollutval	Møtedato 30.10.2015	Saksnr 036/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/457
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).